Kapittel 3 Språkleg variasjon og endring

3.0 Innleiing

I dette kapittelet vil eg ta føre meg nokre sentrale omgrep og problemstillingar innafor forskinga av språkleg variasjon og endring i frammarsj. Eg vil vidare diskutere av avklare omgrep som er heilt sentrale for denne avhandlinga, nemleg dialektnivellering, språkleg regionalisering, standardtalemål og regionale talemål. Dialektnivellering er ein særleg viktig term i denne samanhengen. Eg vil vidare diskutere korleis dialektnivellering stiller seg til relaterte omgrep og prosessar. Eg vil også presentere ein deskriptiv modell som kan vere ein nyttig reiskap for å skildre den variasjonen og dei endringsprosessane som er i ferd med å skje med dialektane ikkje berre i Noreg, men i mange delar av Europa i dag. I den samanheng vil eg også diskutere korleis ein kan avgrense språklege kodar både på språkbruks- og normidealnivå. Til slutt vil eg også sjå nærare på det mykje brukte omgrepet "saliens" og klargjere korleis dette omgrepet vil bli brukt i mi avhandling.

3.1 Endringar i frammarsj

> Everything in this universe is perpetually in a state of change, a fact commented on by philosophers and poets through the ages. [...] Language, like everything else, joins in this general flux. As the German philosopher-linguist Wilhelm von Humboldt noted i 1836 "There can never be a moment of true standstill in language, just as little as in the ceaseless flaming thought of men. By nature it is a continuous process of development. (Aitchison 1991:1).

Gjennom språkhistoria kan ein sjå korleis alle naturlege språk har endra seg gjennom hundreåra. Språket endrar seg kontinuerleg, i nokre periodar hurtig og i andre periodar sakte. Enkelte språktrekk blir lett utsette for endring, medan andre syner meir motstand. Språkets endringsevne har vore eit kjernetema for mykje språkvitskapleg verksemd, men språkets variabilitet har ikkje på same måten stått i sentrum for interesse. Tvert om har ein innafor både den tradisjonelle dialektologien og den historiske språkvitskapen lagt vekt på å skildre språk og dialektar som homogene system. Det er sjølvsagt gode grunnar til å handsame lingvistiske system som homogene, og manglande teknologiske hjelpemiddel for å handsame variasjon, er, om ikkje den einaste, så i alle fall *ei* av forklaringane på at ein tidlegare let vere å innlemme heterogenitet i lingvistisk teori. Dessutan var det ei utbredd førestelling både innafor den junggrammatiske tradisjonen og seinare innafor

strukturalismen at variasjon er det same som mangel på struktur (jf. t.d. Labov 1972). Med dette som utgangspunkt kunne ein studere forskjellane mellom ulike historiske stadium, der kvart stadium vart skildra som homogene strukturar. Men korleis ein kunne observere og forklare ein igangverande språkendringsprosess, vart ståande uløyst. Eller som Bloomfield (1933:347) seier det i eit kjend sitat: "The process of linguistic change has never been directly observed; we shall see that such observation, with our present facilities, is inconceivable."

I den namngjetne artikkelen "Empirical foundations for a theory of language change" (1968), lanserte Uriel Weinreich, William Labov og Makiel Herzog ein teori om språkleg endring som skulle vise seg å få stor innverknad på forskinga om språkendringar. Denne teorien har synt seg nyttig ikkje berre for å forstå lydendringar, men også når det gjeld endringar i ordforråd, tyding, setningsstruktur og ordstruktur. Teorien byggjer på ein viktig empirisk observasjon, nemleg den at den naturlege tilstanden i eit språk er *variasjon,* og at variasjon ein grunnleggjande føresetnad for endring: "Not all variability and heterogeneity in language structure involves change; but all change involves variability and heterogeneity" (Weinreich, Labov & Herzog 1968:188). Språket er altså ikkje berre inherent omskifteleg, men også inherent variabelt. For å kunne studere endringar i frammarsj, er det ein føresetnad at ein erkjenner og interesserer seg for språkets heterogenitet og variabilitet og gir avkall på det statiske synet på språk som lenge dominerte (og til ei viss grad framleis dominerer) innafor store delar av språkvitskapen. Synkron variasjon er med andre ord ein føresetnad for diakron endring, men variasjon treng ikkje nødvendigvis føre til endring. Vekslinga mellom presens partisipp endingane *-in* og *-ing* er eit døme på ein stabil variabel med eit nokså likt sosialt og stilistisk mønster i mange delar av den engelskspråklege verda. Også historisk, så langt attende som til tidleg middelengelsk, har desse bøyingsendingane eksistert samtidig (jf. Mesthrie m.fl. 2000:116). Denne variabelen ser med andre ord ikkje ut til å vere i endring. Mykje språk-kontaktforsking har dessutan også vist at svært heterogene og variable språksituasjonar kan vere forbausande permanente. Enkelte samfunn kan ha stor variasjon som eit meir eller mindre etablert og stabilt mønster. Språktrekk kan altså inngå i meir eller mindre stabil variasjon, men det er likevel openbert at det er ein intim samanheng mellom synkron språkbruksvariasjon og diakrone endringsprosessar.

Variasjon er her forstått i vid forstand. Det vil for det første seie at ein og same språkbrukar meistrar meir enn ein måte å uttrykkje seg på for ei rekkje språklege trekk, såkalla intraindividuell variasjon. Og for det andre vil det seie at det i det språklege

repertoaret innafor eit gitt språkleg praksisfelt eksisterer meir enn ein måte å uttrykkje ei rekkje språklege trekk, såkalla interindividuell variasjon.

I motsetnad til den tradisjonelle dialektologien er sosiolingvistikken grunnleggjande interessert i variasjon – i korleis språket både på samfunnsnivå og individnivå varierer i takt med ulike sosiale parameter. Sosiolingvistikken er altså oppteken av språket som sosialt og kulturelt fenomen. Denne forskingsdisiplinen er interessert i individet sine språklege ytringar slik dei kjem til uttrykk i konkrete kommunikasjonssituasjonar – og ikkje i abstraherte lingvistiske strukturar isolerte frå sin sosiale samanheng. Ein godtek altså ikkje at lingvistikkens forskingsobjekt skal vere ein homogen struktur som lever sitt eige liv, men hevdar at ein må ta konsekvensen av at språket er ein del av både individets og samfunnets liv og historie. Det sentrale i eit sosiolingvistisk studium blir derfor å kartleggje dei ekstralingvistiske forholda som påverkar språkbruken, slik at ein kan skildre variasjon på bakgrunn av den sosiale matrisa språket er nedfelt i.

3.1.1 Kva utløyser endringar og korleis spreier dei seg?

> Languages don't change; people change language through their actions. (Croft 2000:4).
> *Speakers* are ultimately responsible, not only for introducing and adopting linguistic change, but also for *maintaining* diversity in language states. (J. Milroy 1992:64).

Det å finne årsakene til og mekanismane bak språklege endringar, både når det gjeld kva som utløyser endringane og korleis dei spreier seg, er utan tvil eit av dei viktigaste og mest komplekse problema innafor lingvistikken. Spørsmålet om kva som *utløyser* endringane, det Weinreich m.fl. (1968:102) kallar "the actuation problem", er særleg problematisk og kan knappast seiast å ha vorte uttømmande klarlagt innafor nokon lingvistisk teori. Det problematiske kjernespørsmålet er, slik Weinreich m.fl. (op. cit.:102) uttrykkjer det: "Why do changes in a structural feature take place in a particular language at a given time, but not in other languages with the same feature, or in the same language at other times?" Eit anna spørsmål er korleis endringar får fotfeste og spreier seg, eller med andre ord "the transition problem" (jf. Weinreich m.fl. op. cit.:101). Svara på desse spørsmåla har vorte søkte både innom språket sjølv og i eksternspråklege forhold. Endringar på ulike lingvistiske nivå, vere seg prosodiske, fonologiske, morfologiske, leksikalske, semantiske eller syntaktiske, kan ha både intern- og eksternspråklege forklaringar, og ulike delar av lingvistikken har føretrekt anten dei språkinterne, strukturelle eller dei språkeksterne,

sosiale kreftene (sjå pkt. 3.1.2 nedafor der skiljet mellom interne og eksterne krefter blir problematisert).

Når det gjeld spørsmålet om korleis lydendringar spreier seg internt i språket, er det særleg to syn som har stått mot kvarandre: den junggrammatiske tesen om unntakslause lydlover kontra den leksikalske diffusjonstesen som seier at lydendringar spreier seg ord for ord (sjå Labov 1994:421-543 for grundig diskusjon av denne kontroversen).[14] Spørsmålet er altså om det er fonemet eller ordet som endrar seg. Junggrammatikarane såg lydendringar som mekaniske og systematiske prosessar som verka umedvite hos språkbrukarane, medan teorien om leksikalsk diffusjon, som kan seiast å ha hatt størst gjennomslag innafor dialektologien, hadde som utgangspunkt at kvart ord har si eiga historie.[15] Innafor den junggrammatiske modellen vart lydendringar vurderte som fonetisk graduelle og leksikalsk abrupte, medan lydendringar innafor den leksikalske diffusjons-modellen er fonetisk abrupte og leksikalsk graduelle. Den junggrammatiske posisjonen var altså at alle lydendringar skjer i samsvar med lover som ikkje tillet unntak, så framt endringa skjer mekanisk. Det at dette gjeld lydendringar som skjer *mekanisk*, skjuler to viktige unntak frå unntakslausheita, nemleg: 1) *analogi* og 2) *lån*. Analogiske endringar involverer konseptuelle relasjonar som ikkje er reint mekaniske (eller fonetiske) av karakter. Endringar som følgje av lån mellom dialektar involverer sosiale relasjonar og relativ prestisje, noko som heller ikkje kan seiast å vere mekanisk. Lydendringar som kan tilskrivast dialektnivellering, vil dermed *ikkje* falle inn under den junggrammatiske modellen (jf. definisjonen av dialektnivellering nedafor).

Ein sentral hypotese for den leksikalske diffusjonsmodellen er at lydendringar ikkje skjer i alle ord og i alle omgivnader samtidig, men at visse ord og visse omgivnader er meir mottakelege for endring enn andre. Det er til dømes vanleg å gå ut ifrå at det er meir sannsynleg at lydendringar vil finne stad først i høgfrekvente enn i lågfrekvente ord, og at dei lettare vil oppstå i visse fonetiske omgivnader enn i andre. Ein anna hypotese gjeld

---

[14] Etter grundig empirisk drøfting av kontroversen mellom unntakslause leksikalske lydendringar på den eine sida, og leksikalsk diffuse lydendringar på den andre, endar Labov (1994:541) opp med å gi støtte både til dei unntakslause lydlovene og til dei ordbaserte lydendringane. Lydendringar treng ikkje *anten* å vere regelbundne og unntakslause *eller* å skje i eit ord av gongen. Labov opnar derimot for at lydendringar i praksis både kan skje i form av regulære lover og sporadisk med basis i eitt ord om gongen. Han hevdar likevel at leksikalsk spreiing ikkje er den mest grunnleggjande mekanismen ved endring. Det typiske er at lydendringar er regelbundne i den *initielle* fasen, når språkbrukarane enno ikkje er medvitne om endringa, medan leksikalsk spreiing vanlegvis førekjem i seinare stadium av endringsprosessen, når språkbrukarane har vorte medvitne om fenomenet og endringa eventuelt har møtt sosial motstand.

[15] Jamfør Jabergs 1908 ofte siterte utsegn: "In Wirklichkeit hat jedes Wort seine besondere Geschichte" (her etter Sundgren 2002:58).

korleis lydendringane spreier seg gjennom ordstoffet over tid. Med utgangspunkt i ei rekkje lydendringar som såg ut til å skje via leksikalsk spreiing, observerte Chen (1972) eit bestemt mønster for korleis sjølve endringsprosessen gjekk føre seg, og introduserte ideen om den såkalla S-kurva. Denne kurva illustrerer den relative hastigheita til ei lydendring. Først vil lydendringa råke få ord, og endringa vil gå relativt langsamt. Deretter spreier den nye uttalen seg til fleire andre ord, og farten aukar. Mot slutten av endringsprosessen, når berre nokre få ord står uforandra, vil endringshastigheita bremse opp og det vil igjen gå relativt langsamt. Dette mønsteret har vorte stadfesta i ei rekkje granskingar av endringar i frammarsj og har også vorte overført til korleis språklege endringsprosessar skrir fram frå språkbrukar til språkbrukar i eit språksamfunn.[16]

Labov (1966, 1972) skil mellom *endringar ovanfrå* ("changes from above") og *endringar nedanfrå* ("changes from below"). Den førstnemnde typen består i bevisste *lån* frå meir prestisjefylde varietetar, medan den andre dreiar seg om ubevisste internspråkleg motiverte endringar, eller såkalla "ekte" *endring i frammarsj* som Labov kallar det. *Ovanfrå* og *nedanfrå* refererer her både til sosialt medvitsnivå og til posisjon i det sosiale hierarkiet. Endringar ovanfrå blir i modellen til Labov introduserte av den dominerande sosiale klassa, og er ofte gjenstand for offentleg medvit. Vanlegvis er det snakk om lån frå meir prestisjefylte varietetar, som t.d. eit standardtalemål. Endringar nedanfrå er systematiske endringar som først opptrer i det Labov kallar "the vernacular". Desse er resultat av interne lingvistiske prosessar. I byrjinga og gjennom det meste av utviklinga av desse endringane, er dei under det sosiale medvitsnivået – først når endringa nærmar seg slutten (dvs. er meir eller mindre gjennomført som endring), blir medlemmane i språksamfunnet medvitne om dei (jf. Labov 1994:78f). Dei fleste endringane i frammarsj som blir studerte i denne granskinga, vil i Labov sin terminologi svare til endringar ovanfrå, og vil som nemnt over vere irrelevante i høve til den junggrammatiske modellen. Som såleis er forklaringane på desse endringane først å fremst å finne i eksternspråklege forhold.

[16] Ifølgje Weinreich m.fl. (1968) vart ideen om at ein lydendringsprosess vil følgje ein lovmessig kurs i eit språksamfunn, frå minoritet til majoritet til totalitet, først introdusert hos Hermann Paul på slutten av 1800-talet ("the conformity hypothesis"). Dei refererer også Osgood og Sebeok (1954:155) som diskuterer det same fenomenet: "The rate of change would probably be slow at first, appearing in the speech of innovators, or more likely young children; become relatively rapid as these young people become the agents of differential reinforcement; and taper off as fewer and fewer older and more marginal individuals remain to continue the old forms" (etter Weinreich m.fl. 1968:113).

3.1.2 Interne kontra eksterne forklaringar

Dikotomien mellom såkalla internspråklege og eksternspråklege forklaringar har vorte kritisert frå fleire hald (jf. t.d. Weinreich m.fl. 1968, Andersen 1989, J. Milroy 1992, og Mæhlum 1999). Weinreich m.fl. (1968) er svært kritiske til dikotomien og argumenterer for at teoriar om lingvistiske endringar må ha ein viss sosial realitet. Dei viser korleis sosiale faktorar forklarar distribusjon og endring av lingvistiske fenomen som frå eit strukturalistisk synspunkt ville ha vore tilfeldige. Dei gjer det samtidig klart at den lingvistiske strukturen som er i endring, er innleira i språksamfunnet, men at dei lingvistiske strukturane er *ulikt* innleira i den sosiale strukturen.

Andersen (1989) støtter seg til Weinreich m.fl. og konkluderer med å oppheve heile dikotomien fordi den etter hans meining er falsk. Han argumenterer for at skiljet mellom lingvistiske og ekstralingvistiske forklaringar er ikkje-eksisterande på to måtar: 1) fordi språk er eit sosialt fenomen som ikkje kan skiljast frå sine sosiale funksjonar, og 2) når språklege reglar gjer bruk av sosiale kategoriar som alder, kjønn, klasse, så er desse kategoriane eo ipso lingvistiske kategoriar. Desse kategoriane kan og bør skiljast frå omgrep som kronologisk alder, biologisk kjønn og sosioøkonomisk status, som kan definerast føreåt utan omsyn til studiet av språk. Dét det lingvistiske uttrykket indekserer, er kulturspesifikke kategoriar så som "femininitet", "ungdomlegheit" eller "overklasse", som ikkje er definert universelt, men som er konvensjonelt innkoda og forstått av språkbrukarane i eit gitt språkleg fellesskap. Dei sosiale kategoriane som er integrerte i eit språk, er ikkje eksterne i høve til dette språket: "No elements of meaning symbolized or indexed by linguistic expressions can be considered non-linguistic or extra-linguistic" (Andersen 1989:11).

James Milroy (1992) argumenterer også for at distinksjonen mellom interne og eksterne forklaringar er falsk, sidan all endring på ein eller annan måte er avhengig av sosiale forhold og dermed må vere eksternt motivert. Spørsmålet er, som Weinreich m.fl. (1968) påpeikte, kvifor ein språkleg innovasjon fann stad akkurat til den tida og på den plassen han gjorde, og ikkje til andre tider eller på andre stader (jf. Milroy 1992:201ff). Dette spørsmålet er det ifølgje Croft (2000) høgst sannsynleg umogleg å svare uttømande på. Croft hevdar vidare at sosiolingvistisk teori om språkendring *ikkje* svarer på spørsmålet om initielle innovasjonar ("the actuation problem"), men først og fremst har konsentrert seg om å forklare diffusjon og spreiing av innovasjonar ("the transition problem"). Etter det eg kan sjå, er Milroys og andres kritikk av skiljet mellom interne og eksterne

forklaringar absolutt på sin plass når det gjeld *diffusjonen* av innovasjonar. Men ikkje nødvendigvis når det gjeld korleis nye variantar oppstår, dvs. *initielle* innovasjonar. På dette området finn eg det både nyttig og klargjerande å operere med eit skilje mellom innovasjonar som respektivt kan seiast å vere primært eksternt og internt motiverte (jf. kap. 4, pkt. 4.1.2).

Spørsmålet om korleis ein kan *studere* endringar i frammarsj, er noko eg vil kome nærare attende til i neste kapittel, der eg også vil diskutere nokre metodiske problem-stillingar kring generasjonsendringar kontra livsfaseendringar (jf. kap. 4, pkt. 4.1.1). Sosiolingvistiske endringsstudium er først og fremst ute etter å avdekkje korleis ein variant av ein variabel gradvis fortrengjer andre variantar, og dermed korleis samansettinga av gamle og nye former i språksamfunnets repertoar endrar seg over tid. Det vil seie kvantitative endringar. Motsett ser historiske lingvistar på allereie avslutta eller gjennomførte endringar, altså kvalitative endringar. Fordelen med å studere endring mens den er i gang, er at ein kan få ei djupare innsikt i sjølve endringsprosessen, det vil seie korleis overgangen frå eit stadium til eit anna føregår. Og ein kan, ikkje minst, få større innsikt i dei individuelle motivasjonane og sosiale mekanismane som er verksame ved språklege endringsprosessar.

3.2 Dialektnivellering

Endringar i eit lingvistisk system, vere seg språk eller dialektar, kan i mange tilfelle *auke* den strukturelle avstanden til andre språk eller dialektar. Dialektnivellering har aldri slike konsekvensar, men vil tvert om *redusere* avstanden mellom dei lingvistiske systema som er involverte. Dialektnivellering er eit særtilfelle av språkendring som først og fremst kan seiast å vere språkeksternt motivert. Den historiske lingvistikken og dialektologien har vist at ufullstendige språkendringsprosessar fører med seg intra- eller intersystemisk variasjon, medan sosiolingvistikken har dokumentert at intrasystemisk variasjon kan føre til eller vere ein fase i ein språkendringsprosess. Dialektnivellering er prosessen som, når den er avslutta, reduserer denne strukturelle variasjonen. I bloomfieldske eller junggrammatiske termar vil dialektnivellering svare til såkalla "uekte endringar" eller "kontaktlån", medan det i labovsk terminologi tilsvarar "changes from above". Dei fleste av dei endringane i frammarsj som blir studerte i denne avhandlinga, er slike som primært kan seiast å vere resultat av lån, eller altså dialektnivellering. Det kan likevel vere vanskeleg å avgjere om ei språkendring er resultat av kontakt åleine eller om også språkinterne krefter er verksame.

Dialektnivellering er her forstått som eit dynamisk dialektkontaktfenomen som inneber at den strukturelle skilnaden mellom nærskylde dialektar gradvis blir redusert, og at variasjonen innom ein dialekt også *gradvis* blir redusert. Dialektnivellering er altså her sett på som ein prosess som fører til inter- og intrasystemisk reduksjon av strukturell variasjon. Intrasystemisk, dvs. innafor eitt og same språksystem, vil dialektnivellering på lengre sikt mest sannsynleg føre til reduksjon av variasjon, men i ein overgangsfase, som truleg er den fasen mange norske talemål er i no, vil ein tvert om kunne finne *auka* variasjon.[17] Eg ser i denne samanhengen vekk frå funksjonell variasjon (som t.d. kodeskifte eller stilistisk variasjon), men definerer altså dialektnivellering som *reduksjon av strukturell variasjon*, som tyder at talet på trekk som skil ein varietet frå andre varietetar, blir redusert og at variasjonen innom ein varietet også blir gradvis redusert.

Denne definisjonen baserer seg på Frans Hinskens (1996) sin definisjon av dialektnivellering i studien *Dialect Levelling in Limburg*. Han definerer her dialektnivellering som "the gradual abandonment by groups of speakers of dialectal elements or structures". Hinskens ser dette i motsetnad til "dialect shift", som han definerer som "the abandonment of *functions* which the dialect used to fulfil" (mi utheving) (Hinskens op. cit.:4f). Hinskens har teke utgangspunkt i Peter Trudgill sin modell for ulike dialektkontaktfenomen i boka *Dialects in Contact* (1986), men har modifisert denne modellen noko. Trudgill definerer her nivellering som reduksjon av *markerte* trekk, og opererer med andre ord med ein meir avgrensa definisjon enn Hinskens (sjå vidare diskusjon nedafor).

3.2.1 Dialektnivellering i litteraturen

Bruken av omgrepet dialektnivellering i denne avhandlinga baserer seg som nemnt først og fremst på Hinskens (1996), men termen er på ingen måte av ny dato. Bloomfield (1933) brukte dialektnivellering med referanse til lån mellom dialektar, medan Weinreich (1954) brukte termen i samband med standardisering. Dillard (1972) brukte på si side dialektnivellering meir eller mindre synonymt med termen koineisering (jf. pkt. 3.2.1.1 nedafor om forholdet mellom koineisering og dialektnivellering):

> […] the process of eliminating prominent stereotypable features of difference between dialects. This process regularly takes place when speakers of different dialects come into contact, such as in migration. (Etter Hinskens 1996:7).

[17] Det kan sjølvsagt tenkjast at nye nivelleringsprosessar vil ta til seinare, og at systemet dermed aldri vil falle fullstendig "til ro" så å seie.

I ein skandinavisk kontekst er det først og fremst Thelander som har brukt nivelleringstermen i studiet av "nutida Burträsktal" (jf. Thelander 1979 I & II). I ein artikkel frå 1984 skriv Kristensen og Thelander at nivellering førekjem mellom dialektar, men at ein føresetnad for denne prosessen i Sverige og Danmark er framveksten av nasjonale standardtalemål. Samtidig skriv dei at lokale dialektar sjeldan blir påverka *direkte* frå standarden, men frå regionale variantar av standardtalemålet.

Trudgill (1986:98f) definerer nivellering som "the reduction or attrition of *marked* variants", og seier vidare at "*marked* refers, for the most part, to forms that are unusual or in a minority". "Markert" refererer altså her til den geografiske eller sosiale posisjonen til dei involverte variantane (sjå meir om markørar under pkt. 3.3.1). Ifølgje modellen til Trudgill er nivellering eit resultat av dei sosialpsykologiske mekanismane som blir skildra i akkomodasjonsteorien (jf. t.d. Giles, Coupland & Coupland 1991, Giles & Powesland 1997). Gitt at det er gjensidig god vilje til stades mellom samtalepartnarar, vil dei etter denne teorien konvergere lingvistisk mot kvarandre (jf. diskusjonen og kritikken av denne teorien i kap. 5, pkt. 5.3.2.1). Trudgill skil nivellering frå "simplification", eller forenkling, som han med tilvising til Mühlhäuser (1977) definerer som: "an increase in regularity". Han skil vidare mellom to hovudtypar av forenkling; *auke i morfofonemisk regularitet,* som inkluderer tap av bøyingsendingar og auke i invariable ordformer, og *auke i morfologisk og leksikalsk transparens* (jf. Trudgill 1986:103).

Ifølgje Hinskens (1996) bruker Schlobinski (1987) dialektnivellering på den same måten som Trudgill, medan Mougeon m.fl. (1985) bruker termen både om reduksjon av strukturelle forskjellar mellom varietetar i kontakt og om forenkling, dvs. systemintern nivellering. Også hos Hinskens (op. cit.) inkluderer dialektnivellering både det Trudgill kallar for "simplification" (intrasystemisk nivellering) og det han kallar for "levelling" (intersystemisk nivellering). Hinskens (op. cit.:12) argumenterer for at nivellering og forenkling *ikkje* er to åtskilde prosessar, men at nivellering dekkjer både inter- og intrasystemisk reduksjon av variasjon.[18] I min studie blir omgrepet dialektnivellering brukt på

[18] Det viktigaste argumentet for å hevde at termen nivellering ikkje bør avgrensast til intersystemisk reduksjon av variasjon, er dei døma Trudgill presenterer for respektive forenkling og nivellering. Det Trudgill t.d. kallar forenkling av den morfofonemiske vekslinga mellom palatale og velare konsonantar i høyangerdialekten, kan også, etter det Hinskens seier, definerast som nivellering – ikkje berre internt i høyangerdialekten, men også mellom denne dialekten og austnorske dialektar som ikkje har dette trekket. Hinskens meiner altså at det er like nærliggjande å bruke termen nivellering, slik Trudgill definerer termen, om denne prosessen. Han meiner med andre ord at det ikkje er noko klart skilje mellom dei to termane slik Trudgill bruker dei, men at det i fleire tilfelle er vel så rimeleg å kalle det nivellering som forenkling (jf. Hinskens 1996:10ff)

denne måten – altså både om det Trudgill kallar for "simplification" og det han kallar for "levelling".

> There seems no reason why the notion of levelling should be restricted to the reduction of interdialectal variation alone. It cannot be maintained that the intra-systemic effects of contact with another dialect (including of course, the standard language) always amount to simplifications. […] It would be better to assume that levelling can affect both inter- and intra-systemic variation and, intra-systemically, may or may not result in simplification. (Hinskens 1996:12).

Eit anna nært relatert omgrep som opptrer i litteraturen, er termen *regional dialekt-nivellering*. Termen blir gjerne brukt om *utfallet* av diffusjon med påfølgjande utjamningsprosessar. I ein diskusjon av dialektnivellering i Storbritannia definerer Kerswill (2002a:188) regional dialektnivellering på følgjande måte:

> Regional dialect levelling is an outcome of various partly geographically based language change processes. One of these is geographical diffusion. Another is of course levelling, in the sense of 'mutual convergence'. I would propose the use of the term *regional dialect levelling* for the dialect geographical phenomenon and simply *levelling* (following Trudgill 1986) for the linguistic changes which are the outcome of accommodation.

Eg bruker som nemnt nivellering på ein noko anna måte enn Trudgill, men meiner elles termen "regional dialektnivellering" kan vere nyttig. Det at geografisk diffusjon er med som ein dimensjon her, er interessant. Nivellering, slik Hinskens definerer det, er jo på mange måtar det motsette av diffusjon (reduksjon av variasjon kontra spreiing av variasjon). Forut for eller meir eller mindre parallelt med dialektnivellering må ein sjølvsagt ha eller ha hatt ein periode med diffusjon av alternative former (sjå utfyllande diskusjon av forholdet mellom geografisk diffusjon og dialektnivellering hos Kerswill 2002a:196ff). Dei to prosessane heng altså tett saman. Etter analyse av britisk materiale kjem Kerswill fram til at både geografisk diffusjon og tilpassingsbasert nivellering er viktige prosessar bak regional dialektnivellering.

3.2.1.1 Dialektnivellering og koineisering

Koineisering er eit dialektkontaktfenomen som deler mange viktige karakteristika med dialektnivellering, og i visse høve kan det vere vanskeleg å avgjere kva som er kva – noko som blir aktualisert i forhold til dialektutviklinga på Røros og Tynset (sjå diskusjon i kap. 9 og 11). Resultatet av språk- og dialektkontakt vil vere avhengig av både den lingvistiske relasjonen mellom kontaktvarietetane og – like viktig – dei sosiale forholda kontakten skjer under. Koineisering er eit særtilfelle av dialektkontakt, der nye språklege varietetar oppstår som følgje av kontakt mellom språkbrukarar med gjensidig forståelege varietetar (jf.

Kerswill 2002b). Koineisering fører gjerne til ganske hurtige og til tider dramatiske språkendringar og har sitt opphav i store sosiale omstruktureringar. Termen *koiné* har vorte brukt til å referere til ulike aspekt, anten form, funksjon eller opphav, ved blanda kompromisspråk. Men det har vore usemje om kva som skulle inkluderast i definisjonen (jf. Siegel 1985, 1993). Slik termen opphavleg vart brukt, refererer han til ein ny varietet som ikkje erstattar den lokale dialekten, men som på same måte som pidginspråk blir koiné også brukt som eit lingua franca i kommunikasjonen mellom folk med ulik dialekt-bakgrunn.[19] Sidan har det vorte meir vanleg å bruke termen om nye varietetar som tek over som morsmål. Kerswill (2002b) kallar dei to formene for koiné for høvesvis *regional koiné* og *immigrant koiné*, der den sistnemnde er samanfallande med det Trudgill (1986) kallar for "new dialect formation". Det er først og fremst såkalla immigrant koiné som er relevant i denne samanhengen, og som kan seiast å ha mange fellestrekk med dialektnivellering. Den nyaste definisjonen av koiné presentert av Siegel (under utgj., her sitert etter Kerswill 2002b:671), er som følgjer:

> A koine is a stabilized contact variety which results from the mixing and subsequent levelling of features of varieties which are similar enough to be mutually intelligible, such as regional and social dialects. This occurs in the context of increased interaction or integration among speakers of these varieties.

Koinéar er altså døme på varietetar som oppstår i kjølvatnet av tett og intensiv kontakt mellom gjensidig forståelege varietetar. Ein koiné er såleis ein historisk blanda, men synkront stabil dialekt som inneheld element frå dei varietetane som ein gong kom i kontakt. I tillegg kan han innehalde interdialektale former som ikkje fanst i nokon av kontaktvarietetane. Utvikling av ulike regionalspråk kan også skildrast som resultat av dialektkontakt, men graden av kontakt er gjerne ikkje så tett eller intensiv som ved koinédanningar (jf. pkt. 3.2.3.2 nedafor). Framveksten av regionalspråk kan dessutan også tolkast som resultat av den generelle språkutviklinga, medan nye varietetar, som t.d. koinear, oppstår under meir spesielle sosiale forhold. Døme på koinéar er dialektane i nye byar og tettstadar som Høyanger, Odda og Tyssedal i Noreg, og Milton Keynes i England (jf. Trudgill 1986, Kerswill 2002b).

Dialektnivellering deler som nemnt mange viktige karakteristika med koineisering. Ifølgje Trudgill (1986:107) er koineiseringsprosessen karakterisert ved dialektblanding, nivellering av minoritetsformer og andre markerte former (i labovsk forstand), forenkling

[19] *Koine* kjem opphavleg av gresk og tydet "felles". Termen vart først brukt om den forma for gresk som vart brukt som lingua franca i løpet av den hellenistiske og romerske perioden. Denne blanda varieteten oppstod i Athens havneby Pireus der det budde grekarar frå ulike delar av Middelhavet (jf. Kerswill 2002b:670).

og reduksjon. I praksis betyr dette at det t.d. blir færre uregelrette grammatiske bøyingsformer og fleire invariable ordformer, at ein får bortfall av kasusmarkering, bortfall av kjønnsmarkering (t.d. ved verb og substantiv) og bortfall eller samanfall av fonem. Ein vil også kunne finne det Trudgill kallar for reallokering. Det vil seie at to eller fleire variantar av ein variabel overlever nivelleringsprosessen, men får nye sosiale og språklege funksjonar i den nye dialekten. Alt dette er forhold ein også vil kunne finne ved dialektnivellering.[20] Kerswill (2002b:684) diskuterer mellom anna ulike forenklingsprosessar ("simplification" slik Trudgill definerer termen), og finn att nett dei same forenklingane hos folk som flyttar frå rurale til urbane område på Vestlandet, i den igangverande regionale dialektnivelleringa på Vestlandet og utviklinga i vestnorske koinear. Også granskingar av sunnmørske immigrantar i Oslo og dialektutviklinga på Sunnmøre viste at det er dei same formene som bli nivellerte i begge høva (jf. Røyneland 1994, Sævik 2000).

3.2.2 Dialektnivellering – ein fleirdimensjonal prosess


Auer & Hinskens (1996) foreslår ein modell for korleis ein kan skildre den variasjonen og dei endringsprosessane som skjer med dialektane i dagens Europa. Dei presenterer ein fleirdimensjonal modell der ein ser føre seg at dialektnivellering kan skje på mange nivå samtidig – både langs eit *horisontalt kontinuum* og langs eit *vertikalt hierarki* (jf. også Auer 2000a). For å illustrere dette bruker Auer & Hinskens ein pyramidemodell der ei rekkje geografisk distribuerte dialektar utgjer botnlina og ein standardvarietet utgjer toppen av pyramiden (jf. fig. 3.1. nedafor). Nivellering kan finne stad anten mellom dei ulike dialektane langs botnlina, det dei kallar for horisontal dialekt–dialekt-konvergens, eller mellom dialektane og standardvarieteten, dvs. ein vertikal dialekt–standard-advergens.[21] Den vertikale aksen illustrerer med andre ord både ein geografisk dimensjon og ein statusdimensjon, medan den horisontale aksen illustrerer ein geografisk dimensjon. Dialektnivellering er her forstått som ei delvis eller fullstendig overtaking av former frå

[20] Som nemnt under pkt. 3.2.1 har eg vel å merke valt å følgje Hinskens (1996) sin definisjon av dialektnivellering. Termen dekkjer dermed her både det Trudgill kallar for "levelling" og det kan kallar for "simplification" (jf. Hinskens 1996:12 sin kritikk av Trudgill sitt skilje mellom "levelling" og "simplification").

[21] *Konvergens* inneber at begge varietetane nærmar seg kvarandre. Ifølgje Auer (2001) er *konvergens* mest typisk for nivellering langs den horisontale aksen sidan sannsynlegheita for at begge dialektane vil nærme seg kvarandre er størst når den relative makt og statusbalansen mellom dei impliserte varietetane er nokonlunde symmetrisk. Det mest typiske for nivellering langs den vertikale aksen, er derimot *advergens,* dvs. det at den eine av varietetane nærmar seg den andre. Det mest vanlege biletet er at dialekten nærmar seg standarden, men ikkje motsett, fordi det relative makt- og statusforholdet mellom standard og dialekt i regelen er asymmetrisk.

ulike kontaktvarietetar, eller sagt på ein annan måte som ein *gradvis* reduksjon av den strukturelle variasjonen mellom ulike varietetar.

Dialektnivellering har både ei prosess-side og ei resultat-side innebygd i seg. Resultatsida fører til mindre variasjon i diasystemet (dvs. både inter- og intradialektalt), medan prosess-sida fører til meir variasjon innafor diasystemet. Modellen som er framstilt i figur 3.1. nedafor, illustrerer begge desse sidene. Som det går fram av dei tre pyramidefigurane, kan ein tenkje seg mange ulike scenarium: (i) diffus språksituasjon, (ii) nye fokuserte blandingsvarietetar, (iii) nye regionale dialektar overtek og dialektane forsvinn. Desse ulike scenaria skildrar også den diakrone gangen i nivelleringsprosessar: (i) først *auka* variasjon innafor eit diasystem, ved at språkbrukarane får fleire alternative former til disposisjon. (ii) & (iii) nivelleringsprosessen fører til at ein får *mindre* variasjon innafor diasystemet, ved at enkelte variantar blir skubba ut over sidelina, medan andre overtek – vi får ei gradvis utkrystallisering av nye blandingsvarietetar og i somme tilfelle dialektdaude.



Figur 3.1 Fleirdimensjonal modell for dialektnivellering (etter Auer & Hinskens 1996)

Resultatet av dialektnivellering kan altså vere framvekst av meir eller mindre fokuserte regionale varietetar, som illustrert i pyramide (ii) og (iii). Men resultatet kan også vere eit meir diffust variasjonskontinuum som vist i pyramide (i).[22] Rommet mellom dei tradisjonelle dialektane og den nasjonale standarden treng med andre ord ikkje å bestå av ein eller fleire avgrensbare kodar (korkje på språkbruksnivå eller normidealnivå), men kan derimot vere fylt med ei rekkje overlappande kodar, slik at det ein får, er eit kontinuum av kodar. Ulike individuelle repertoar innafor eit diasystem vil slik sett kunne vere ganske

[22] Termane fokusert og diffus blir her brukt som hos Le Page (1980).

ulike, i det einskildindividet får større høve til å velje kreativt frå ein samansett "meny". Språkbrukaren kan velje å plassere seg på ulike stader innfor eit språkleg rom som byr på eit vell av variasjonsmulegheiter. Dermed vil høvet til intra- og interindividuell variasjon innafor diasystemet bli forholdsvis stort. På den måten kan ein seie at den lingvistiske "vitaliteteten" aukar, sidan repertoaret innafor diasystemet aukar og dermed også individets variasjonsmoglegheiter. Samansettinga av variantar frå ulike system er likevel oftast ikkje heilt fri, og dess meir "regulert" kombinasjonsmulegheitene er, dess meir rimeleg er det å operere med varietetsmerkelappar (sjå pkt. 3.2.3.3 nedafor og kap. 8, pkt. 8.16 om samvariasjonsrestriksjonar og implikaturar).

I samsvar med modellen ovafor blir *nivellering* her brukt som fellesnemnar for både horisontal dialekt–dialekt-konvergens og vertikal dialekt–standard-advergens. Nivellering er med andre ord ein to- eller fleirdimensjonal prosess, eller *kan* i alle fall vere det. Nivellering mellom ein lokal dialekt og ein regional urban dialekt vil også innebere advergens langs den vertikale aksen, sidan bydialekten innafor eit gitt område oftast plasserer seg høgare oppe i det sosiale statushierarkiet enn meir rurale bygdedialektar innafor det same området. Ein regional urban varietet er ofte også meir påverka av det overregionale standardtalemålet enn bygdedialektane innafor regionen. Konvergens eller advergens mellom ein lokal dialekt og andre lokale dialektar, mellom ein lokal varietet og ein urban regional dialekt eller mellom ein lokal dialekt og eit standardtalemål treng vel å merke ikkje å vere fullstendig.

Ufullstendig eller delvis konvergens og advergens, vere seg langs den horisontale eller vertikale dimensjonen, kan føre med seg framvekst av nye hybride former. Slike nye mellomformer kan oppstå på ulike lingvistiske nivå. Fonetisk kan dei oppstå når skiljet mellom to variantar ikkje er diskret, som ved palatalisering, lågning osb. (jf. Auer 2000b for døme). Innafor morfologien kan ein finne ei rekkje hybride former mellom ulike konvergerande varietetar (t.d. nivellering mellom den nordvestlandske einstava varianten av presens sterke verb med omlyd og den tostava standardforma utan omlyd: [c͡çøːmə] (dialektform) kontra [kɔːmə] (mellomform) kontra [kɔːmɛr] (standardform) jf. Røyneland 1994). Leksikalsk forvitring kan også føre til framvekst av mellomformer dersom t.d. leksikalske trekk i den akkomoderande varieteten går ut av bruk i enkelte kontekstar, men blir behaldne i andre (jf. reallokering pkt. 3.2.1.1 over). I alle desse tilfella er resultatet at talet på alternative former i språkbrukaren og/eller det språklege fellesskapets repertoar aukar.


Ein av hypotesane til Hinskens (1996) er at dialektnivellering vil råke både variasjon langs den horisontale og den vertikale aksen, og at desse prosessane kan gå føre seg uavhengig av kvarandre. Han kom likevel fram til at nivellering langs den vertikale aksen mest alltid også vil inkludere nivellering langs den horisontale, men at nivellering langs den horisontale ikkje nødvendigvis vil inkludere vertikal nivellering. Ved fire av dei studerte variablane fann han horisontal nivellering som samtidig divergerte frå standard-talemålet (jf. Hinskens op. cit.:362f).

I modellen til Auer & Hinskens blir både det dei kallar "basisdialektane" og "standardvarieteten", framstilt som meir eller mindre uproblematiske storleikar. Dei blir nærmast postulerte som sjølvstendige avgrensbare heilskapar, medan det er rommet *mellom* desse ytterpunkta som blir oppfatta som problematisk. Inge Lise Pedersen (1999) peikar på at det same er forholdet i dei fleste granskingar av dialektnivellering og regionalisering i Danmark; altså at dei tradisjonelle dialektane og standardspråket blir teke for gitt, noko som sjølvsagt blir problematisk all den tid ein ser på språk som inherent variabelt (jf. Weinreich, Labov & Herzog 1968). Dette inneber at både basisdialektane og standardvarieteten er idealiserte lingvistiske storleikar som òg treng å problematiserast (sjå meir om dette i pkt. 3.2.3.3 nedafor).

Det er vanleg å gå ut ifrå at regional dialektnivellering oftast skjer på ein slik måte at lokale dialekttrekk med ei avgrensa geografisk utbreiing forsvinn, medan trekk med ei vidare regional eller nasjonal utbreiing blir ståande eller spreier seg (jf. t.d. TEIN-søknad 1997, Skjekkeland 2000, Mæhlum 2002, Akselberg 2003, Cheshire 1995). Både Thelander (1979) og Hinskens (1996) fann ein klar samanheng mellom graden av resistens mot nivellering av tradisjonelle dialekttrekk på den eine sida og den geografiske distribusjonen til dei aktuelle trekka på den andre. Korrelasjonen mellom geografisk utbreiing og resistens var særleg tydeleg i studiet av dialekten i det nordsvenske området Bürträsk: "the most powerful basis for determining the vitality of a dialect variant in present-day Bürträsk would seem to be its geographical dispersion in northern Sweden" (Thelander 1982:72). Studiet av dialektnivellering i Vinderup på Jylland synte derimot ikkje ein like klar samanheng (jf. Kristensen & Thelander 1984:244f). Også i min studie av dialektnivellering på Røros og Tynset er ein av hypotesane at trekk som er meir geografisk avgrensa vil vere mindre resistente enn dialektvariantar med ei vidare geografisk utbreiing (jf. kap. 1, pkt.

1.1.3). Det er altså ein hypotese at nivelleringa vil gå føre seg graduelt ikkje berre langs tidsdimensjonen, men også geografisk, strukturelt og sosialt.[23]

Som nemnt ovafor skjer ikkje nivelleringa berre mellom likestilte rurale dialektar og mellom rurale dialektar og eit standardtalemål, men også mellom rurale dialektar og meir urbane dialektar. Nivellering mellom ein lokal dialekt og eit regionalt bymål står vel å merke ikkje i eit symmetrisk eller horisontalt sosialt forhold til kvarandre. Bydialekten innafor ein region hamnar, som nemnt, i regelen høgare oppe i det språklege og sosiale statushierarkiet. Denne dimensjonen kjem kanskje ikkje så godt fram i modellen til Auer & Hinskens. For å få fram den *semi-vertikale* konvergensen mellom lokale bygdedialektar og regionale bydialektar, har Akselberg (2003:221) foreslått ein alternativ modell som han meiner fangar betre opp nivelleringsprosessane i Hordaland. Modellen illustrerer korleis rurale og urbane nivelleringar kan verke på kvarandre, samtidig som det vil vere ein påverknad frå ulike standardar:



Figur 3.2 Den horisontale og semi-vertikale regionaliseringsmodellen (etter Akselberg 2003).

Akselberg (loc. cit.) meiner at standarden ikkje bør plasserast øvst i pyramiden (som i modellen til Auer & Hinskens) i studiet av talemålsregionalisering på Voss fordi: "vi i denne granskinga har med kontinuerlege vekselverknader å gjera, og av di dei skriftlege normene i Noreg byggjer på dei norske talemåla og utviklinga av desse". Det er likevel liten tvil om at talemålsendringane på Austlandet har ein noko anna karakter enn det som verkar vere tilfellet på Vestlandet. I vest ser horisontale nivelleringsprosessar ut til å spele ei sentral rolle. Dessutan verkar det som ulike urbane bysentra spelar ei større rolle som normideal enn såkalla standard austnorsk (jf. Akselberg 2002a:18ff). I aust, derimot, ser

[23] Eit trekks geografiske utbreiing er i prinsippet eit objektivt kriterium, men det er likevel, som Auer m.fl. (1998:167) påpeiker, eit ope spørsmål om språkbrukarane sin kunnskap om den geografiske distribusjonen til ulike variablar er identisk med dialektologens objektive data.

Oslo og det "bokmålsbaserte standardtalemålet" ut til å ha stor innverknad, slik at vertikal advergens altså er ein kanskje meir dominerande tendens enn både semi-vertikal og horisontal konvergens (jf. t.d. Vikør 1999, Sandøy 2000, Mæhlum 2002 og Røyneland under utgj.). Eg meiner at det er rimeleg å operere med ein talespråkleg standard også i Noreg, sjølv om han kanskje ikkje er så eintydig som i andre europeiske land, og at denne standarden står i eit vertikalt statusforhold til andre talemålsvarietetar her i landet (sjå diskusjonen om standardtalemål i pkt. 3.2.3.1 nedafor). Eg vil derfor i hovudsak halde meg til modellen til Auer & Hinskens (1996), men eg finn også omgrepet "semi-vertikal" urban nivellering svært nyttig i denne samanhengen.

3.2.2.1 Dialektnivellering og urban spreiing

Spørsmålet om dialektnivellering knyter seg òg til omgrepet "urban jumping". Ein mogleg hypotese er at diffusjon og påfølgjande nivellering skjer etter prinsippet "urban jumping" eller på norsk "urban spreiing". Dermed går ein ut ifrå at regional dialektnivellering har opphavet sitt i hierarkiske relasjonar mellom ulike geografiske område, slik at det geografiske området som står øvst i hierarkiet, vil fungere som utstrålingspunkt og kjerne i nivelleringa. Desse hierarkiske relasjonane kan vere av økonomisk, administrativ, kulturell eller sosial art. Etter den urbane spreiingsmodellen, vil t.d. trondheimsmålet endre seg i høve til talemålet i den byen som står over Trondheim i hierarkiet – dvs. oslomålet. Trondheimsmålet vil i sin tur kunne påverke talemåla i mindre byar og bygder i Trøndelag. Ein kan altså tenkje seg ein slags dominoeffekt, dvs. Oslo påverkar Trondheim, Bergen, Tromsø osb. som så påverkar mindre byar og bygder i sine respektive nærområde. Dermed kan ein seie at t.d. Trondheim fungerer som ei slags femtekolonne innafor Trøndelag.[24] Men det er ikkje nødvendigvis berre standardformer som spreier seg via eit bysentrum som Trondheim. Også særskilte trondheimsformer vil kunne spreie seg. I dei tilfella der det regionale senteret utviklar eller forsterkar variantar som *ikkje* finst i det nasjonale hovudsenteret, kan vi snakke om ei særleg regional utvikling. Ein kan også tenkje seg at Oslo påverkar mindre bygdebyar meir *direkte* utan å gå vegen om ein større by i regionen. Som Auer & Hinskens (1996) foreslår, er det rimeleg å tenkje seg ein to- eller

[24] I ein artikkel frå 1998 argumenterer Helge Sandøy for at Trondheim *ikkje* fungerer som regionalt norm-sentrum i Trøndelag. Med utgangspunkt i ein morfologisk studie av substantivbøyinga i Trondheim og andre mindre byar og tettstadar innafor det trønderske målområdet, avviser Sandøy den urbane spreiingsmodellen. I studien finn han at trondheimsmålet, motsett av kva ein kunne vente etter denne modellen, har eit langt meir komplekst system når det gjeld substantivbøyinga enn dei andre tettstadane han samanliknar med. Sandøy presenterer derfor det ein kunne kalle eit retorisk motforslag om at det er desse mindre og historisk yngre byane og tettstadane som fungerer som "femtekolonnistar" ved diffusjon av eit nytt morfologisk system.

fleirdimensjonal modell der talemålet i mindre bygdebyar som t.d. Røros og Tynset er i endring i høve til fleire dimensjonar eller nivå samtidig.

Spørsmålet om kvar dei alternative variantane kjem frå, heng saman med spørsmålet om korleis ein lingvistisk kan avgjere om nivelleringa er lekk i ei horisontal, semi-vertikal eller vertikal nivellering. Det kan i mange høve vere vanskeleg å halde desse nivåa åtskilde pga. formsamanfall (isomorfi og homofoni) mellom dei impliserte varietetane. Eit generelt metodisk problem er dermed å finne variablar som skil dei ulike impliserte varietetane frå kvarandre ved at realiseringa av bestemte trekk er ulik, slik at ein kan avgjere kva for ein varietet som fungerer som påverknadskjelde (jf. diskusjonen av dei språklege variablane i kap. 6, pkt. 6.1). Ved ein del variablar vil det vere samanfall mellom dei ulike varietetane, og det vil dermed vere vanskeleg å avgjere kva slags nivellering det er snakk om – horisontal, semi-vertikal eller vertikal. Eit døme på dette i forholdet mellom rørosmål, Trondheims-varieteten og Oslo-standarden finn ein ved rørossjibboletten [ʃk]. Ved konsonantsambandet [sk] blir [s] uttalt som [ʃ] framfor [k] i alle posisjonar. Dette trekket finst korkje i nabodialektane og eller trøndersk generelt, så trekket har inga regional støtte. Trekket finst sjølvsagt heller ikkje i standardtalemålet. Dersom dette trekket forsvinn, er det då ledd i ei horisontal eller vertikal nivellering? Det spørsmålet er det sjølvsagt ikkje mogleg å svare på, men det synleggjer kor vanskeleg dette kan vere når ein kjem ned på trekknivå.

3.2.3 Språkleg regionalisering, standardisering, standardtalemål og regionale talemål

Omgrepet språkleg regionalisering har av mange vorte brukt på ein måte som kan seiast å vere meir eller mindre synonymt med dialektnivellering (jf. t.d. Akselberg 2003). Men etter mi meining føregrip omgrepet "regionalisering" til ein viss grad *utfallet* av nivelleringsprosessen. Det er nemleg slett ikkje sikkert at ein språkleg nivelleringsprosess vil føre med seg framvekst av regionale talemål, sjølv om sjansane for det er temmeleg store. Det er heller ikkje gitt at ein einsidig standardiseringsprosess, dvs. vertikal advergens mot eit overregionalt standardtalemål, vil gi standardtalemål som resultat. Regionalisering som prosess refererer, slik eg bruker omgrepet her, først og fremst til reduksjon av variasjon mellom ulike lokale eller meir eller mindre regionale dialektar, dvs. primært nivellering langs den horisontale og semi-vertikale aksen, medan standardisering som prosess inneber ein reduksjon av variasjon mellom dialekt og standard, dvs. nivellering

langs den vertikale aksen. I antologien *Variation and Convergence. Studies in Social Dialectology*, skriv Auer (1988:44) følgjande:

> It has become usual to think of dialect diversity in a pyramid model, with a number of geographically distributed 'base dialects' forming the bottom line, and a normative variety the apex. Convergence, or divergence, may take place either between the dialects on the bottom line, or between any of these and the standard; the closer one gets to the apex, the more differences between individual dialects tend to disappear. One might call the result of a levelling of the first kind *Ausgleichssprache* (or koiné) and that of a levelling of the second kind *Umgangssprache*. It must be kept in mind, though, that any *Umgangssprache* will incorporate elements of more than one base dialect, and similarly any *Ausgleichssprache*, elements of the standard.

Auer vel, i samsvar med den tyske tradisjonen, å kalle *produkta* av dei horisontale og vertikale prosessane for respektive "Ausgleichssprache" og "Umgangssprache". Likeeins kunne ein velje å kalle resultata av regionalisering og standardisering for respektive "regionalmål" og "standardmål". Den horisontale og den vertikal dimensjonen er i praksis likevel ofte gjensidig avhengige av kvarandre, og kan derfor vere vanskelege å halde åtskilde. Det som dermed må vere viktig, er å halde *prosess* og *produkt* frå kvarandre. Som Auer er inne på, kan *prosessen* standardisering få andre *resultat* enn standardmål. Resultatet av ein standardiseringsprosess kan t.d. godt vere at det veks fram ein regional varietet som både skil seg frå andre regionale varietetar og frå standardmålet.

Sjølv om vertikal standardisering og horisontal/semi-vertikal regionalisering *ideelt* sett er omgrep som skildrar reduksjon av variasjon langs ulike aksar, er det som nemnt klart at det kan vere vanskeleg å halde desse prosessane frå kvarandre, mellom anna grunna formsamanfall mellom dei ulike impliserte varietetane. Eit klart skilje mellom horisontal, semi-vertikal og vertikal konvergens føreset at ein opererer med klart definerte, distinkte varietetar som ikkje overlappar kvarandre, noko dei sjølvsagt ofte gjer i praksis. Konklusjonen må derfor vere at regionalisering somme tider kan falle saman med standardisering, fordi eit standarddrag også kan finnast som eit geografisk drag i regionen. Regionalisering og standardisering kan dermed seiast å vere nært relaterte, om enn ikkje heilt identiske prosessar.[25] Omgrepet *dialektnivellering* inkluderer, som sagt, både reduksjon av variasjon etter dialekt–dialekt-dimensjonen og etter dialekt–standard-dimensjonen og fungerer dermed som eit samleomgrep for begge prosessane. Resultatet av

[25] På eit meir overordna samfunnsmessig nivå kan ein seie at det som for alvor skil standardisering frå regionalisering, er at ein standardiseringsprosess er med på å skape einskap innetter og forskjell utetter, dvs. markere skilje mellom oss nordmenn og dei andre. Regionalisering, derimot, markerer eit skilje innetter mellom nordmenn. Standardiseringsprosessen legg vekt på å skape sosial og kulturell einskap innom landegrensene, og har dermed god støtte i nasjonale idear og verdiar. Regionaliseringsprosessen er derimot med på å framheve *regionen* som kulturell eining, til forskjell frå andre regionar innom nasjonen, og er på den måten uttrykk for ein form for regionalisme (meir om omgrepa region, regionalisering og regionalisme i kap. 5, pkt. 5.4.2).

dialektnivellering kan vere framvekst av meir eller mindre fokuserte regionale varietetar, som illustrert i pyramide (ii) og (iii) i figur 3.1, pkt. 3.2.2 ovafor. Men resultatet kan også vere eit meir diffust variasjonskontinuum som vist i pyramide (i) i figur 3.1 over.

3.2.3.1 Standardtalemål[26]

Vertikal nivellering langs dialekt–standard-dimensjonen føreset at det eksisterer ein nasjonal overregional talemålsstandard og/eller regionale standardtalemål. Eit sentralt spørsmål som dermed blir aktualisert, er *om* vi har slike standardtalemål i Noreg eller ikkje, og i tilfelle korleis ein kan definere dei – på språkbruksnivå og på normidealnivå. Med språkbruksnivået meiner eg korleis ein reint språkleg kan avgrense og definere ein eventuell varietet. Normidealnivået dreier seg derimot om dei førestellingane folk har om eksistensen av ulike varietetar. Ifølgje Kristiansen (1992:205f) er det for det første snakk om normer som, i individets og samfunnets medvit, eksisterer som *abstraksjonar* frå den språklege åtferda, og for det andre om normer i tydinga *haldningar* til varierande språkbruk.

Spørsmålet om standardtalemål har vore mykje diskutert både nasjonalt og internasjonalt og blir teke opp med jamne mellomrom både til prinsipiell, teoretisk diskusjon og i høve til konkrete språksituasjonar i ulike delar av Europa og andre delar av verda (jf. t.d. Auer & Hinskens 1996, Moosmüller 1995, Trudgill 1986, 1997, Sandøy 1993, 1998, ulike artiklar i Leuvensteijn & Berns 1992). Eit standardtalemål ligg per definisjon nær skriftspråket og er eit *overregionalt* talemål som skal vere overordna regionale, sosiale og etniske skilje. Ein standard skal på den måten vere noko anna enn geolektar, sosiolektar og etnolektar. I praksis viser det seg likevel ofte at det som *får status* som såkalla overregionalt standardtalemål, gjerne blir brukt i særskilde område (ofte i og rundt hovudstaden i eit land), og av dei sosiale laga og etniske gruppene som sit med det kulturelle hegemoniet i det aktuelle landet. Utviklinga av ein skriftspråkleg standard, pluss geografisk konsentrasjon av menneske frå samfunnseliten i administrative og/eller ideologiske sentrum, er såleis to avgjerande føresetnader for etableringa av eit standardtalemål. Hovudstaden i eit land er det mest typiske dømet på eit slikt maktpolitisk sentrum.

Offisielt sett finst det ikkje noka kodifisert overdialektal talemålsnorm i Noreg (t.d. i form av offisielt vedtekne uttaleordbøker el.l.), slik det gjer i ein del andre land i Europa.


[26] Delar av diskusjonen under dette punktet står også å lese i Røyneland (2003) kap. 1 i boka *Språkmøter*.

På språkbruksnivået er det derfor lettast å bruke omgrepet standardspråk om skriftspråk i Noreg, sidan dei fleste autoritativt fastsette normene gjeld skriftmålet. Likevel meiner eg at det er grunnlag for å tale om overregionale standardtalemål også her i landet. Sidan vi har to skriftspråk i Noreg, har vi i prinsippet *to* standardtalemål, der det eine er ei talt form av det offisielle bokmålet, og det andre ei talt form av den offisielle nynorsken. Det har utan tvil etablert seg både eit bokmålsbasert og eit nynorskbasert standardtalemål i Noreg. Mest kjent som standardtalemål er nok den såkalla normerte talen i radio og fjernsyn, der medarbeidarane kan – og etter nærare reglar *skal* – bruke normert bokmål eller nynorsk. Men også elles finst det personar som bevisst innrettar talemålet sitt etter det som er vedteke som korrekt i ei av dei to skriftmålsformene.

Den bokmålsbaserte standardtalenorma er nok den som har hatt størst gjennomslag i den norske ålmenta, og det er dessutan den som er mest aktuell i denne samanhengen. Talemålet i og rundt hovudstaden er gjerne det som blir mest assosiert med den "talte bokmålsstandarden", og ofte har vel vestkantmålet i Oslo vorte utpeika som den varieteten som ligg aller nærmast denne talemålsstandarden. Eit relevant spørsmål er då korleis den talte bokmålsstandarden kan definerast på språkbruksnivået. Korleis høyrest han ut reint språkleg? Har han t.d. tjukk *l* eller ikkje? Har han trykk på førstestavinga i framandord eller ikkje? Og kor mange *-a*-endingar i bestemt form av substantiv eintal og fleirtal skal ein akseptere innafor ein slik standard – heiter det *sola* eller *solen*, *epla* eller *eplene*? Truleg er det grunnlag for å hevde at den talte bokmålsstandarden, med austnorsk aksent, femner relativt vidt og tillet ein god del variasjon. Kan hende er det fornuftig å dele opp i fleire standardar; t.d. ein språkleg konservativ standard og ein meir radikal standard. Medan den *konservative standarden* ligg nær det tradisjonelle Oslo-vest-målet og blir assosiert med høg sosialklasse og sosiokulturell og økonomisk prestisje, er den *radikale standarden* eit meir variert, folkeleg og gjerne austkantprega oslomål som gir assosiasjonar i retning av urban og moderne livsstil.

Men ein kan også snakke eit bokmålsnært standardtalemål *utan* austnorsk aksent, ettersom ein legg skriftmålet til grunn for standardtalemålet. Ein trønder kan til dømes snakke standard med trøndersk aksent, ein nordlending med nordnorsk aksent osb. Det vanlege er at ein tek med seg uttalemønsteret frå dialekten sin når ein bruker standard-talemålet. Dermed lyder det bokmålet som ålesundarar snakkar, nokså annleis enn bokmålet som trønderar, nordlendingar og austlendingar bruker. Desse forskjellane kan knytast til pyramidemodellen i figur 3.3 nedafor der ein skil mellom *overregionalt standardtalemål* og det som blir kalla for *regionalt farga standardtalemål*. Forskjellane

mellom desse to storleikane er først og fremst lydmessige, dvs. fonologiske og prosodiske. Det kan for eksempel vere skarre-*r* kontra rulle-*r* og austnorsk kontra trøndersk setningsmelodi. Det dreiar seg altså om forskjellar i uttale eller *aksent*, som igjen kan signalisere ulik sosial status (jf. den vertikale aksen i figur 3.3, som viser sosial variasjon).



Figur 3.3 Pyramidemodell over regional og sosial variasjon (etter Mesthrie m.fl. 2000).

På *normidealnivået* er nok talt bokmål med Oslo-vest-aksent ("konservativ standard") det som truleg kjem nærast til å ha status som eit overregionalt standardtalemål her i landet, medan talt bokmål med t.d. Oslo-aust ("radikal standard"), bergensk, trøndersk eller nordnorsk aksent vil kunne svare til ein regionalt farga standard. Ein kan sjølvsagt diskutere kor rett det er å kalle den konservative standarden for *overregional*. Også denne er knytt til ein særskild region – Austlandet, og meir spesifikt Oslo. Ut frå relativ status og prestisje er det nok likevel denne utgåva av den talte bokmålsstandarden som plasserer seg lengst opp mot toppen av pyramiden i medvitet til mange nordmenn. Dette kan ein t.d. sjå ved at barn over heile landet leikar på austnorskbasert bokmål (jf. Eliassen 1998), og ved at folk frå heile landet gjerne refererer til denne varieteten som "nøytral", "vanleg" og "umarkert". Sjølv om det kan vere vanskeleg å avgrense standardtalemålet på språkbruksnivået, kan det like fullt eksistere som ein mental abstraksjon hos språkbrukarane og fungere som eit normideal. Det som det dermed er viktig å få klarlagt, er om ei slik overnorm har nokon *mental realitet* hos språkbrukarane på Røros og Tynset, og *om* ho fungerer normerande. Ein viktig indikasjon på om det eksisterer eit standardtalemål på normidealnivået, er bl.a. om språkbrukarane har ei *førestelling* om eit standardtalemål, og om dei har sett ein merkelapp på denne varieteten.

Fleire av svara i ein enquete som vart delt ut til elevar ved dei vidaregåande skulane på Røros og Tynset (sjå kap. 7, pkt. 7.1.2.4 og vedlegg 7.1), tyder på at førestellinga om ein standard i høgste grad kan seiast å eksistere hos ungdomane på dei to plassane. Dei fleste kallar denne standarden *"bokmål"* medan andre bruker merkelappen *"oslodialekt"*. Ingen bruker omgrepet "standard", men det dei skriv om høvesvis bokmål og oslodialekt, tyder på at dei plasserer dette talemålet øvst i talemålshierarkiet. Spørsmålet ungdomane svarte på, var: "Kva er typisk for dialektbruken på Røros/Tynset?" Nokre av svara i enqueten var som desse:

Rørosungdom:

Dialekten vår forandrer seg bare mer og mer ved at vi påvirkes av *bokmål* som preger hverdagen vår

Færre og færre klarer å håndtere dialekten (mye innblanding av *bokmål* og *andre dialekter*)

Folk, spesielt ungdom, tror de er mer moderne og hippe hvis de snakker *Trondhjem* eller *Oslo dialekt*, og dermed dropper de å snakke rørosing

Vi som er ungdomer her på Røros, har mistet en god del av dialekta vår. Det er ganske få som snakker ordentlig Rørosdialekt. Ikke bra nok å snakke vanlig. Mange snakker *Oslo- og Trondheimsdialekt*

Jeg tror den holder på å gå i glemmeboken blant ungdom, vi blir påvirket av andre dialekter, spes. *bokmål* tror jeg

Det er nesten ingen her i klassa som kan snakke "riktig" dialekt. Det er ei "salig blanding" mellom *bokmål* og dialekt

Tynsetungdom:

Det er ikke så mange som prater rent Tynsetmål lengere – det er blitt utvanna fra *andre dialekter/bokmål*. Det er mest voksne og eldre som prater skikkelig dialekt. Mange yngre vanner ut med *bokmål* – noe som er synd.

Dialektbruken blant ungdomer på Tynset er på tur ut. Mange snakker mer i retning av *bokmål* enn før.

Dialektbruken er omtrent borte her, folk snakker til dels utrolig (!) fint – nesten som "*byfolk*" *fra Oslo*.

Jeg synes at dialekten på Tynset har blitt helt borte. Det er svært få som prater dialekt. De aller fleste prater "by-språk", slik som de gjør det i Oslo. Tynsetingene prater liksom "finere" enn de andre i Nord-Østerdalen.

Prater "fint". (*Bymål, Oslodialekt*).

Tynsetinger snakker lite utprega dialekt, mange snakker veldig likt *bokmål.*

Også i intervjua kom det svært tydeleg fram at dei fleste har ei klar formeining om at bokmål eller oslodialekten plasserer seg øvst oppe i talemålshierarkiet. Talt bokmål/ oslomål blir sett på som "vanleg", "nøytralt", "korrekt" og "pent", men også som "sossete" og "jålete". Dei fleste, både på Røros og Tynset, meiner dessutan at nettopp bokmål/

oslomål er den varieteten som påverkar deira eigen dialekt mest. Men fleire nemner også trondheimsmål og "andre dialektar" som påverknadskjelder.

Mia: jæ prate jo 'dialekt da ville vel en del si = men = = det slæ seg ofte over på *vanlig bokmål* da men = sånn så viss jæ viss jæ fær bort jæ fær til Hamar eller sånn så kan det hende at jæ prate litt = mer *bokmål* da ikke har alle dissa endingan og [=] sånn
(...) nei det er jo noen som vil prate litt *penar* da eller litt mer *bokmål*
(...) det er'kke noe sånn 'spesielt pent språk da det vi prate = egentlig ikke = det kling bedre i øran det ja *bokmål* da [det er] litt = *oslodialekt* og sånn da

Åsne: *oslodialekta forbinn jæ med sånn status og rike folk* og sånn = men 'dialekten er jo grei nok [= =] ser jæ bort fra de folka så er det jo greit
Unn: [mm] ja ja der er jo stor variasjon i Oslo og
Åsne: mm men *jæ tenker på vestkant* og sånn jæ [[da]]
Unn: [[ja]] mm det er vel det dei fleste meiner når dei snakkar om [oslodialekta] kanskje
Åsne: [mm] trur det for *østkantdialekta er jo mer = mer lik vår* da for å [si] det sånn

Ola: det e'kke så langt unna *bokmål* jæi snakker da == så for det at det er det jæ er vant med det alle andre snakka rundt meg og sånn så vart liksom ikke vokse opp med noe særlig 'dialekt egentlig det er enkelte ord bare og sånn
(...) før for så snakka dæm mer kanskje dial'ekt og sånn [=] da jæ voks opp på Tynset og var sju-åtte begynte liksom å skulle ta etter dæm som snakka som var eldre dæm snakker jo sånn som jæi gjør nå [=] det er mest *bokmål* kanskje *sånn som dæm gjør mer i bya* så

Her ser vi at Mia set likskapsteikn mellom bokmål og oslodialekt. Den sosiale plasseringa og vurderinga av respektive tynsetdialekten og bokmål/oslodialekt er heilt klar. Bokmål er "vanleg", "penare" og "kling betre i øyra". Det er ikkje tvil om kvar i statuspyramiden Mia plasserer oslomålet. Åsne seier også eksplisitt at ho forbind oslodialekten med status og det er heller ingen tvil om at førestellinga om ein standard er høgst levande og verksam. Problemet med å avgjere kva som utgjer eit eventuelt standardtalemål, gjeld sjølvsagt òg eventuelle "regionale standardtalemål" og som vi vil sjå nedafor, "regionale dialektar".

3.2.3.2 Regionale talemål

Termane språkleg regionalisering og regionaltalemål dukka for alvor opp i norsk talemålsforsking for ein ti-femten år sidan, men vart særleg aktualisert med prosjektet Talemålsendring i Noreg (TEIN/1998-2002). Eitt av utgangspunkta for dette paraply-prosjektet var å undersøkje *om* såkalla regionale talemål er i ferd med å etablere seg her til lands. Likevel kan det sjå ut til at ein her til ein viss grad forskoterte resultatet. Ideen om det har eller er i ferd med å vekse fram slike regionale talemål i Noreg, etablerte seg nærmast som ei empirisk sanning *før* det verkeleg vart empirisk undersøkt og stadfesta.

Både i Danmark og Sverige var ein langt tidlegare ute med studiar av framveksten av regionale talemål. Ei forklaring på dette er nok at ein i nabolanda våre har hatt mykje sterkare normering av talespråket og ei meir dominerande og styrande standardtalenorm

enn det som er tilfellet i Noreg. For som den danske dialektologen Inger Ejskjær (1964:40) påpeiker: "sansen for sprogrigtighed skal være stærk, for at der skal opstå et regionalt udligningsresultat mellom dialekt og offisiell norm".

Termen "regional dialekt" eller "regionalspråk" har vorte importert til norsk talemålsgransking primært via dansk dialektforsking. Etter inspirasjon frå fenomenet "le français régional" introduserte Ejskjær nemninga i artikkelen "Regionalsprog og lokalt vestjysk regionaldansk" i 1964. I denne artikkelen presenterer Ejskjær den europeiske litteraturen om emnet, med hovudvekt på den franske tradisjonen – særleg representert ved dialektologane Albert Dauzat og Jean Séguy. Ifølgje desse forskarane er regionalfransken svært homogen innafor sine område fordi regionalmåla er utvikla kring dominerande bysentrum – som t.d. Lyon, Toulouse, Grenoble osb. – og kan på visse punkt avvike både frå dialektane i området og frå det parisiske riksmålet. Dei meinar dessutan at den påverknaden dialektane blir utsette for, kjem via desse regionalmåla og ikkje direkte frå den parisiske norma (jf. Ejskjær op. cit.:7ff). Til slutt i artikkelen presenterer Ejskjær ein analyse av dansk regionalspråk, eller meir presist vestjysk regionaldansk, gjennom ei gransking av talemålet i stasjonsbyen Vinderup. Ejskjær set opp følgjande kriterium som må vere til stades for at det skal kunne utvikle seg eit "regional- eller provinsialrigsmål": 1) den lokale dialekten må avvike sterkt frå den offisielle norma som blir godteke eller pressa på som mønster 2) landsdelen må ha eit kulturelt sentrum 3) språkbrukarane sjølve må erkjenne regionalmålet som ein eigen varietet. I det siste kriteriet ligg det altså at spørsmålet om ein kan rekne ein viss språkusus for eit regionalt talemål, *ikkje* kan avgjerast på reint lingvistisk basis (like lite som dialektar, og ofte heller ikkje språk, kan avgrensast med utgangspunkt i språklege kriterium åleine). Kriteria for regionale rikspråk er altså, etter det Ejskjær seier, også sosialt og kulturelt bestemt. Ejskjær (1964:41) konkluderer med at danske regionalspråk "ikke afviger nær så meget fra københavnsk rigsmålsnorm som f.eks. de franske provinsialrigsmål afviger fra parisisk norm, eller som skånsk afviger fra uppsvensk norm."

Sidan Ejskjær introduserte omgrepet, har ideen om regionale talemål vorte diskutert og problematisert i ei rekkje danske studiar og artiklar om emnet (sjå t.d. K. M. Pedersen 1977, Lund 1977, I. L. Pedersen 1996, 2003, Kristiansen 1992, 2003b, Gregersen 1993). Felles for fleire av desse forskarane er at dei framhevar viktigheita av at språkbrukarane må ha ei *førestelling* om ei regionalspråkleg talespråksnorm for at det skal gi meining å snakke om det (jf. t.d. K. M. Pedersen 1977 og Kristiansen 1992, 2003b). Karen Margrethe Pedersen (1977:11) seier til dømes:

> Nogen præcis sproglig afgrænsning kan ikke gives, men regionalsprog kan subjektivt defineres som en geografisk bestemt talemåde, der på nogle punkter afviger fra rigssproget, men som den talende ikke selv opfatter som dialekt.

Det er likevel ei viss usemje blant desse forskarane om kor fruktbart det er å operere med omgrepet regionalspråk, og om fenomenet i det heile finst på normidealnivået. Tore Kristiansen (2003b:142f) skriv til dømes:

> Ud fra de forskningsresultater vi har, må konklusionen imidlertid være at regionalsprog ikke findes i Danmark – forstået som en sprogbrug der opleves som en resurse i opbygningen af positiv regional selvbevidsthed. Foreløpig har vi ikke fundet noget der tyder på at en sådan selvbevidsthed findes (udenfor Københavnsområdet). Det vil sige at når danskerne anskuer sproglig variation i den geografiske dimension, er deres forestillinger og vurderinger ordnet omkring to referencepunkter: København og Provins. København er centrum, alt andet er periferi. KBS er korrekt, alt andet er bondsk. Det regionalsprog man eventuelt kan tale om på sprogbrugsniveauet, er et udligningsresultat der opstår i spændingen mellem disse to poler.


Kristiansen avviser altså at det skulle finnast eit regionalspråk på *normidealnivået*, men meiner at ein eventuelt kan snakke om ei regionalmål på *språkbruksnivået*. Han legg dessutan til, som støtte for det synet at regionalspråk ikkje eksisterer som ein relevant storleik hos den jamne danske, at termen regionalspråk ikkje finst som omgrep eller merkelapp i vanlege danskar sitt vokabular. Ei gransking utført blant studentar i Odense viser at regionalspråk er eit ukjent omgrep, og at det altså ikkje er ein term som er i bruk utafor språkforskarane sine rekkjer. Kristiansen (op. cit.:145) konkluderer med at Danmark er på veg til å bli eit språksamfunn der geografisk tilhørsle ikkje tyder noko for folks sosiale identitetsdanning, men ser ikkje bort ifrå at geografi *kan* kome til å spele ei ny rolle som følgje av globaliseringa – der ein hovudtendens er at både det globale og det lokale blir styrkt. Viss det identitetsmessig gir meining, vil språkbrukarar alltid klare å finne eller utvikle måtar å signalisere geografisk tilhøyrsle på, også språkleg. Hovudspørsmålet blir derfor, ifølgje Kristiansen, om det vil opplevast som sosialpsykologisk meiningsfullt å gi til kjenne kvar i geografien ein høyrer heime i framtidas Danmark. Akkurat dette er også eit kjernespørsmål i denne granskinga av dialektnivellering på Røros og Tynset.

Også i Sverige vart termen "regionalt riksspråk" introdusert relativt tidleg (jf. referansar hos Ejskjær 1964:27). I nyare tid er det særleg Karl-Hampus Dahlstedt og Mats Thelander som har lagt grunnen for studiet av regionale talemål i Sverige (jf. t.d. Dahlstedt 1979, 1983, Thelander 1979, 1980 og 1983). I desse studiane har ein vore mykje opptekne av å avgrense omgrepa på språkleg grunnlag. Samtidig påpeiker Thelander at det nødvendigvis vil vere og bør aksepterast ein del *variasjon* innafor eit regionalspråk i og

med at det er oppstått som følgje av ein normkollisjon mellom ulike varietetar. Thelander seier (1983:212f):

> Med tanke på att regionalspråken uppstått ur en normkollision och med tanke på att regionalspråk hos individen ofta spelar rollen av sidospråk (i växling med dialekt eller standardspråk) är det inte annat att vänta än att dessa språkarters struktur är förhållandevis lös och lämnar ganska stort utrymme för variation och tillfällig import från båda dialekterna och standardspråket. Självfallet finns det en gräns för när regellösheten blir så total att det inte längre är meningsfullt att beteckna blandningen som en egen språkart, men – och det har jag argumenterat för i bl.a. Thelander 1979*b*:33f. – brist på sträng struktur får inte leda till att man förbiser de tendenser till språkartsbildning som ändå finns, och när man diskuterar existensen av just regionalspråk är det av särskilt stor betydelse att kraven på normfasthet balanseras mot en generös hållning till fluktuationer, mer så för vissa trakters regionalspråk än för andras.

I studiet av "nutida Bürträsktal" fann Thelander sterk støtte for ideen om at dialektvariantar som har vid geografisk utbreiing og som er felles for praktisk talt alle folkemål i regionen, kan "slå ut" dei tilsvarande standardspråklege variantane. Dersom det derimot finst fleire konkurrerande former innafor dialektane, vil den tilsvarande standardvarianten vinne fram. På denne måten ser Thelander føre seg at regionalspråket består av eit slags minste felles multiplum for eit større område som kan innehalde fleire ulike dialektar. Dialektdrag som er særskilde for dialekten, blir gjerne erstatta av standardvariantar, medan variantar som ikkje er dialektskiljande innom regionen, blir behaldne. Med utgangspunkt det norrlänska materialet presenterer Thelander ein modell for korleis ein kan visualisere forholdet mellom dialekt, regionalspråk og standardspråk på språkbruksnivå (1983:215):



Felta d_1, d_2 og d_3 viser trekk som er særskilde for dei tre hovuddialektane i området. Mengda D er alle trekk som er eksklusivt dialektale. RD er trekk som er felles for dialektane og som inngår i regionalspråka, men som ikkje finst i standarden. T er trekk som er felles både for dialektane, regionalspråket og standardspråket. R er trekk som er eksklusive for regionalspråket og som ikkje finst korkje i dialektane eller i standardspråket. S er trekk som er eksklusive for standardspråket. Regionalspråket vil altså primært bestå av språktrekk som finst innafor det skraverte området.

Figur 3.4 Forholdet mellom dialekt, regionalspråk og standardspråk (etter Thelander 1983).

Ved hjelp av implikasjonsanalyse kjem Thelander fram til kva for variantar som fell innafor regionalmålet. Denne analysen viste at dialekttrekk som var standardindikatorar,

vart behaldne, medan dialekttrekk som var dialektindikatorar, vart skifta ut (jf. Thelander 1979).[27]

Sjølv om termane regionalmål og språkleg regionalisering er etter måten nye i Noreg, er granskingar av dialektutjamning på langt nær nye. Slik Akselberg (2002a) peiker på, har fleire tidlegare norske talemålsstudiar teke opp tilsvarande problemstillingar, noko granskingane til Anders Steinsholt om målbryting i Hedrum (1964) kanskje er det beste dømet på. Akselberg (op. cit.) meiner at norske talemålsstudiar har hatt det til felles at dei til forskjell frå franske, svenske og danske studiar om dette har vore lite opptekne av å definere varietetsgrenser, dvs. kvar den eine varieteten sluttar og den andre tek til – språkleg, sosialt og geografisk. I Noreg har ein primært studert talemålet i eit område i høve til eit lokalt sosiokulturelt, politisk og økonomisk sentrum, og registrert kva for trekk frå sentrumsmålet som har trengt inn i det lokale talemålet (sjå Akselberg op. cit. 23ff for referansar til ulike granskingar).

I Noreg har ein altså ikkje på same måten vore oppteken av å sirkle inn eventuelle nye regionale varietetar. Grunnen til dette er mest sannsynleg at vi her til lands førebels berre ser *tendensar* til framvekst av slike regionale talemål samanlikna med nabolanda våre (jf. Akselberg 2002b:36). Dersom vi jamfører med figur 3.1 under punkt 3.2.2 ovafor, er nok den norske språksituasjonen best skildra innafor den første trekanten, dvs. utan nye klart fokuserte regionale dialektar. Dessutan kan det sjå ut til at vi i Noreg har eit noko meir fleksibelt og dynamisk syn på kva ein dialekt er og kven som kan seiast å snakke dialekt, enn det som verkar vere tilfellet i nabolanda våre (jf. diskusjon i Akselberg 2002b, Svahn 2003). Ein nivellert dialekt kan framleis ha status som *dialekt* i Noreg. I Sverige og Danmark, derimot, kan det sjå ut til at det berre er dei *tradisjonelle* dialektane som kvalifiserer til nemninga dialekt (men jf. kritikk av denne tradisjonen i Grönberg 2004). Eit resultat av ei slik forståing av kva dialekt er, kan føre til at behovet for å snakke om blandingsvarietetar – eller altså regionale varietetar – når dialektar endrar seg, blir meir påtrengande i Sverige og Danmark. Inge Lise Pedersen (1999) tematiserar dette problemet i artikkelen: "Hvornår er en kode ikke længre den samme kode – og hvem afgør det?". Kor mykje kan ein dialekt endre seg før det ikkje er den same dialekten lenger?

[27] Høg grad av samvariasjon mellom ulike variantar er eit viktig indisium på at ulike mikrovariablar kan setjast saman til ein *makrovariabel* (dvs. at mikrovariasjonen er intergrert). Viss mikrovariablar kan aggregerast til ein eller fleire makrovariablar, tyder dette på at det som vekslar ikkje berre er isolerte variantar, men større delar av heile språkstrukturar – og at det dermed gir meining på språkbruksnivå å operere med ein eigen term for desse strukturane (jf. Thelander 1979II:27).

3.2.3.3 Strukturert heterogenitet og avgrensing av kodar

Språkendring er ikkje nokon sjukdom som går til åtak på språket frå tid til anna. Tvert imot er det ein høgst normal tilstand. Likevel er det kanskje mest vanleg å oppfatte stabilitet og einskap som det ideelle, og språkvariasjon og språkendring som noko ein bør kjempe mot. Delar av språkvitskapen har, som nemnt innleiingsvis i dette kapittelet, vore til dels svært farga av dette synet. Det har vore ei slags djup folketru mellom språkforskarar og andre at det eksisterer eller har eksistert eit einsarta språk utan stilmessig eller strukturell variasjon, og at det dermed finst grupper av språkbrukarar som snakkar eller har snakka dette "verkelege, rette og korrekte" språket. Ein slik puristisk tankegang har hatt stort gjennomslag blant folk flest. Det er slett ikkje uvanleg å høyre folk klage over forfallet i språket og høyre eldre folk seie at ungdomen ikkje snakkar dialekt lenger. Det er også ei vanleg oppfatning blant ungdom sjølve at dei ikkje kan snakke "skikkeleg" dialekt. Det spørsmålet som då umiddelbart melder seg, er *kva* det vil seie å snakke skikkeleg dialekt. Kva er t.d. *ekte* rørosdialekt og *ekte* tynsetdialekt? Er det slik dei innfødde i Røros- og Tynset-bygdene snakka for 100, 50 eller 20 år sidan, eller er det slik folk snakkar i dag? Dette spørsmålet vil eg kome nærare attende til i slutten av avhandlinga (sjå kap. 11).

Innafor eit variasjonistisk paradigme har ein, som vi har sett, vore svært oppteken av å hevde språkbrukens naturlege heterogenitet og ikkje minst å framheve systematikken i denne heterogeniteten. Avviklinga av dialekttrekk og tileigninga av til dømes standard-trekk skjer i ei bestemt rekkjefølgje. Overgangen ("the transition") frå t.d. dialekt til standard er velordna, men spørsmålet er altså *kor mange grenser ein skal trekkje* og dermed *kor mange ulike kodar* ein skal rekne med. Ein kode eller ein varietet vil synkront sett variere både inter- og intraindividuelt, inter- og intrasystemisk. Avgrensinga av ein kode vil derfor med nødvendigheit vere eit resultat av ei språksystematisk *idealisering*. Det gjeld sjølvsagt både "basisdialekten" og "standardtalemålet", men er særleg problematisk med omsyn til eventuelle nye regionale varietetar. Det å avgjere kva som utgjer den opphavlege eller tradisjonelle dialekten i eit område, kan i mange tilfelle by på vesentlege problem. Når ein studerer nivellering, er det særleg viktig å ikkje gå ut i frå ein basisdialekt som er for arkaisk, noko som særleg blir aktualisert i høve til kva som kan seiast å utgjere den "tradisjonelle tynsetdialekten" (jf. diskusjon i kap. 6, pkt. 6.1). Målet må vere å etablere ein mest mogleg "realistisk" basisdialekt som kan fungere som utgangspunkt for samanlikning. Også standardtalemålet er, som diskutert under punkt 3.2.3.1, ein vanskeleg storleik å avgrense. Det mest rimelege er nok å gå ut ifrå at den talespråklege standarden i Noreg er relativt vid og tillet ein god del variasjon. Det same vil truleg vere tilfellet for

eventuelle regionale talemål (jf. sitatet frå Thelander 1983, pkt. 3.2.3.2 over). Når det gjeld avgrensinga av kodar i rommet *mellom* dialekt og standard, peiker Pedersen (1999:29f) på at sosiale og regionale forskjellar interagerer. Variasjonen ligg altså ikkje berre langs eit dialekt–standard-kontinuum, men òg langs ei kryssande by–land-line. Det språklege og sosiale rommet er altså *fleirdimensjonalt* (slik det går fram av modellen til Auer & Hinskens jf. fig. 3.1, pkt. 3.2.2), noko som gjer at grensedragingane mellom ulike kodar blir endå vanskelegare for språkforskaren. Når det gjeld avgrensinga av eventuelle regionale varietetar, er det også relevant å spørje kor *mange* trekk som eventuelt må syne ei regional særutvikling, til forskjell frå standarden, for at ein skal kunne snakke om framvekst av eit regionalt talemål. Og vidare om nokre trekk er viktigare eller meir "saliente" i folks medvit enn andre (jf. meir om omgrepet "saliens" i pkt. 3.3 nedafor). Kva for nokre trekk er det i så fall språkbrukarane sjølve vurderer som sentrale og ikkje? Kva for forskjellar *gjer* forskjell?

Det finst ulike metodar for å forsøke å skildre resistensforholda i ein språkleg varietet og å prøve å avgrense eventuelt nye kodar.[28] Diffusjonen av t.d. nye standardtrekk (og dermed nivellering av dialekttrekk) i ein språkskifteprosess har gjerne vist seg å teikne ei S-forma kurve eller eit såkalla "slow–quick–quick–slow"-mønster (jf. Aitchison 1991:83 og pkt. 3.1.1 ovafor). Også når informantar blir rangert etter stigande standardpreg, har desse variasjonsprofilane vist seg å danne ei S-kurve (Kristensen & Thelander 1984:228). Det vil seie at informantane anten snakkar relativt dialektnært eller relativt standardnært, medan relativt få er å finne i mellomrommet. Konklusjonen på eit slikt mønster er at eit utprega blandingsspråk har ei forholdsvis avgrensa utbreiing (jf. Pedersen 1999:25). Men ein kan også studere resistensforhold ved å stille dialekttrekk og nivellerte trekk opp i ein implikasjonsskala som viser forholdet mellom dialekttrekkas nivelleringsgrad (jf. Thelander 1979 & Pedersen 1985), eller dialekttrekka kan avbildast som ei rekkje variasjonsprofilar for enkeltvariablar etter stigande nivelleringsgrad (jf. Kristensen & Thelander 1984:229). Slik Pedersen (1999:37) påpeiker, har ikkje den labovske sosiolingvistikken vore særleg interessert i avgrensing av kodar, men har konsentrert seg om kvantitativ variabelanalyse. Avgrensing av nye kodar har vore eit langt meir presserande tema f.eks. innafor kreolspråksforsking (jf. Rickford 2002), men også innafor dialektnivellerings- og regionalspråkstudiar (jf. pkt. 3.2.3.2 ovafor). For å avgjere om eventuelt

[28] Med resistens forstår eg her motstanden mot utradering etterkvart som standardspråkstrekk, regionale trekk eller andre dialekttrekk spreier seg på kostnad av tradisjonelle dialekttrekk.

nye varietetar er i ferd med å etablere seg, er implikasjonsanalyse først og fremst den metoden som har vore nytta (sjå kap. 8, pkt. 8.16.4 for nærare skildring av denne metoden). Ved hjelp av denne metoden kan ein bl.a. finne ut om den mikrovariasjonen ein observerer på variantnivå, inngår i ei meir overordna varietetsveksling. Dersom mikro-variablane kan aggregerast til makrovariablar ved at fleire trekk blir skifta ut samtidig, tyder dette på at vekslinga omfattar ei veksling på makronivå og at vi dermed kan ha med ein ny varietet å gjere. Men som vi også var inne på ovafor, er ikkje ei slik språkvitskapleg avgrensing nok. Ein treng også å undersøkje kor vidt språkbrukarane sjølve har ei formeining om at ein har med ulike kodar å gjere, og om dei har sett namn på dei ulike kodane. Det er altså nødvendig å inkludere normidealnivået, jf. t.d. Pedersen (1999:37f):

> Hvis man betragter sproget som et historisk fænomen, kan vi ikke undvære aktørerne. Hvis det ikke er sproget der forandrer sig, men sprogbrugerne der forandrer deres sprog, så må vi også inddrage sprogbrugerne i analysen, også selv om de trækker grænserne andre steder end vi havde ventet.

Trass i sosiolingvistikkens interesse for variabilitet og heterogenitet ser ein del framstillingar likevel ut til å byggje på ein føresetnad om at den språklege røynda er meir eller mindre *eindimensjonal* – dvs. at språkbrukarane plasserer seg statisk ein eller annan stad på ei line mellom t.d. dialekt og standard. Dette er sjølvsagt ei grov forenkling. Dei individuelle repertoara er samansette og individet kan plassere seg på mange ulike stadar langs det horisontale og/eller vertikale kontinuumet mellom dialektar, urbane varietetar og standard, avhengig av sosial kontekst, motivasjon osb. Den språkleg variasjonen innafor eit slikt kontinuum kan vurderast som ein semiotisk ressurs som gir språkbrukarane tilgjenge til fleire dimensjonar for meiningsskaping gjennom daglegdags språkbruk (jf. Coupland 1988). Det vil likevel vere lingvistiske, psykososiale og kulturelle avgrensingar på kvar språkbrukaren til kvar tid vil kunne plassere seg langs desse aksane, noko som dermed vil vere med på å styre desse "vala". Individet står altså ikkje heilt fritt til å velje frå det språklege repertoaret.

I mange sosiolingvistiske studiar er det ein tendens til at ein framhevar det fleir-dimensjonale, variable og dynamiske ved språkbruken nærmast som ei programerklæring, men så når den verkelege analysen skal gjerast, er dette gløymt, og språket i ein gitt intervjusituasjon blir korrelert med ulike sosiale variablar som om det skulle vere uttrykk for korleis t.d. ei middelklasse kvinne i førtiåra snakkar i alle situasjonar. Dette fører gjerne til at dei deskriptive framstillingane blir eindimensjonale og statiske og den intra-individuelle variasjonen blir neglisjert. Heller ikkje i granskinga av unge og vaksne på Røros og Tynset blir variasjonen mellom ulike situasjonar, dvs. individuelle repertoar,

operasjonalisert. Det er altså først og fremst språkbruk i ein bestemt intervjusituasjon som ligg til grunn for analysen. Den intraindividuelle variasjonen innafor denne situasjonen vil bli diskutert i variabelanalysen, men eg må nøye meg med å minne om at informantane sjølvsagt ikkje nødvendigvis snakkar slik dei gjorde i samtalen med meg i alle samanhengar. Samtidig er det ingenting som tyder på at informantane snakkar på måtar som er "unaturlege" for dei i samtalen med meg (jf. diskusjon i kap. 7, pkt. 7.1.2.2).

3.3 Saliens – resistens eller konvergens

3.3.1 Ulike definisjonar og avgrensingar

Den russiske dialektologen Victor Schirmunski var den første som brukte omgrepet "saliens" (*Auffälligkeit*) systematisk i studiet av dialektnivellering. På 1920-talet studerte Schirmunski tyske dialektenklavar i Russland, der han fann massiv horisontal konvergens mellom ulike tyske dialektar og vertikal advergens mellom desse dialektane og ein variant av standardtysk (jf. Auer m.fl. 1998:164). Schirmunski brukte omgrepet saliens til å forklare forskjellen mellom det han kalla for "primære" og "sekundære" dialekttrekk. Dei primære trekka er ifølgje Schirmunski mest utsette for endring fordi dei er "am stärksten auffallend", medan dei sekundære er relativt resistente fordi dei er "weniger auffallenden" (etter Hinskens 1996:11). (For ein nærare presentasjon av Schirmunskis bruk av primære og sekundære trekk sjå Auer m.fl. 1998:164ff.)

Termen "saliens" har sidan vorte brukt av Peter Trudgill (1986) for å forklare kvifor nokre trekk har svakare overlevingsevne enn andre i dialektkontaktsamanhengar. Trudgill stiller opp ei rekkje faktorar som er med på å vekkje eit større medvit kring eit språkleg trekk – slik at det blir ein *markør* i Labov si tyding – og derfor har potensiale i seg til å bli salient (jf. Trudgill 1986:11):[29]

- Variabelen har minst ein variant som er ope stigmatisert
- Variabelen har ein høgstatusvariant reflektert i ortografien
- Variabelen er involvert i lingvistisk endring
- Variantane er fonetisk radikalt forskjellige
- Variantane held oppe ein fonologisk skilnad i den akkomoderande talaren sin varietet

[29] Trudgill nyttar altså *markør* eller *markerte trekk* i Labovs meining, dvs. lingvistiske variablar som inngår i *både* sosialklassevariasjon og stilistisk variasjon (dvs. både strukturell og funksjonell variasjon) – i motsetnad til *indikatorar,* som *berre* inngår i sosialklassevariasjon. Han seier vidare, med støtte i Labov, at folk er meir *medvitne* om markørar enn indikatorar, og vidare at "the high level of awareness associated with a marker leads speakers to modify their pronunciation of it in situations (such as formal occasions) where they are monitoring their speech most closely. The same explanation obviously works for the accommodation process: in contact with speakers of other language varieties, speakers modify those features of their own varieties of which they are most aware" (Trudgill 1986:10-11).

Desse ulike faktorane er likevel problematiske (jf. diskusjon hos Kerswill & Williams 2000a:72f). Dei to første kriteria er utvilsamt teikn på saliens, men dei er ikkje forklaringar. Det tredje kriteriet er sirkulært dersom saliens skal brukast som forklaring på språkendring, slik Trudgill har som intensjon. Også dei to siste kriteria inneber ifølgje Kerswill & Williams vanskar, og er ingen garanti for saliens. Hinskens (1996) påpeiker dessutan at Trudgill bruker omgrepet saliens på ein måte som lett kan føre til sirkularitet. Saliens blir nemleg nokre gonger brukt som forklaring på kvifor akkomodasjon (og diffusjon) finn stad, og andre gonger for å forklare kvifor akkomodasjon *ikkje* finn stad. Det same kriteriet blir altså både brukt som forklaring på kvifor folk konvergerer mot eit nytt trekk og kvifor dei let det vere. Grunnen til at dei let det vere, er ifølgje Trudgill at trekket har "extra strong salience", og at det derfor er relativt resistent.[30] Hinskens konkluderer med at det mest sannsynleg ikkje er mogleg å operasjonalisere dette omgrepet på ein intersubjektiv og eintydig måte.

Både Auer m.fl. (1998) og Kerswill & Williams (2000a) prøver likevel å kome fram til ei avgrensing av omgrepet. Auer m.fl. (1998) bruker i grove trekk dei same kriteria som Trudgill for å avgrense saliens-termen, men dei forsøker i tillegg å trekkje eit meir eksplisitt skilje mellom objektive (lingvistiske) og subjektive (sosiale og sosial-psykologiske) kriterium.

Objektive kriterium	***Subjektive kriterium***
artikulatorisk distanse	perseptuell distanse
geografisk distribusjon	bruk i kodeveksling
fonemisitet	bruk i skriftleg representasjon av dialekten
kontinuerleg kontra dikotomisk	stereotypisering/herming
leksikalisering	forståelegheit

Som Auer m.fl. (1998) påpeiker, er det likevel ikkje *a priori* klart kvifor eit trekk ut frå desse kriteria skulle vere meir eller mindre resistent berre fordi det er salient. Andre faktorar kan i mange høve, slik også Trudgill er inne på, vere viktigare enn eit trekks saliens. Materialet til Auer m.fl er henta frå ein longitudinell studie av migrantar frå Aust-Tyskland (Leipzig og Dresden) til Vest-Tyskland (Constance og Saarbrücken). For å avgjere saliensgraden til ulike austtyske (nærare bestemt saksiske) språktrekk vurderte Auer m.fl. (1998) dei ulike variablane med omsyn til dei ulike kriteria som er skisserte

[30] Materialet til Trudgill baserer seg på britisktalande personar som bur eller har budd i USA (1986:14f.). Ifølgje Trudgills observasjonar blir den amerikanske uttalen med /æ/ i ord som *cat*, *dance* og *half*, *ikkje* adoptert av britisktalande immigrantar, og grunnar dette i at dette er "ekstra salient" trekk som fungerer som eit slags stereotypt symbol på amerikansk engelsk uttale.

ovafor (jf. op. cit.:177).[31] Ved å sjå på kontinuerlege, dikotomiske og leksikaliserte variablar kva for seg, kom Auer m.fl. fram til at saliens faktisk berre er relevant i høve til dei kontinuerlege variablane. Her er samsvaret mellom resistens og saliens høgt (dvs. høg saliens = låg resistens og motsett). Men både dei dikotomiske og dei leksikaliserte variablane går mot det ein kunne vente ut frå saliens-hypotesen. Trass i høg saliens er desse variablane relativt resistente.[32] Auer m.fl. konkluderer vidare med at det slett ikkje alltid er samanfall mellom objektiv og subjektiv saliens, og at dei *subjektive* kriteria er klart viktigare enn dei objektive for dei kontinuerlege variablane. For desse variablane er tilfellet at: "Their relative loss can be explained by subjective criteria for salience only" (Auer m.fl. op. cit.:183). Subjektivt definert saliens fungerer med andre ord berre som forklarande faktor ved nivellering av enkelte språktrekk.

Termen saliens indikerer etter det Auer m.fl. kjem fram til at ein lingvistisk variabel er sosialt eller interaksjonelt "signifikant" på ein eller annan måte, men den indikerer ikkje nødvendigvis kva for haldningsmessig konsekvens (positiv eller negativ) denne signifikansen vil ha for ulike variablar. Den ideologiske verdien til eit salient trekk er dermed framleis eit ope spørsmål.

Med utgangspunkt i Trudgills modell diskuterer også Kerswill & Williams (2000) saliens som forklarande faktor ved språkendring. Utgangspunktet for diskusjonen er ulike granskingar som alle tillegg saliens forklaringskraft, men som definerer termen på høgst ulike måtar. Nokre baserer seg hovudsakleg på språkinterne kriterium, andre kombinerer språkinterne og språkeksterne kriterium, medan andre igjen baserer definisjonen av saliens på språkeksterne forhold (jf. Kerswill & Williams 2000a:69,71). I dei fleste av desse avgrensingane finn dei likevel eit visst element av sirkularitet, og som artikkelforfattarane påpeiker, er saliens-termen berre nyttig dersom den baserer seg på ein definisjon som *unngår* at den blir sirkulær.

Etter grundig diskusjon av ei rekkje fonologiske og morfologiske variablar analysert i granskinga av dialektnivellering i dei tre britiske byane Milton Keynes, Reading og Hull, konkluderer Kerswill & Williams også med at sosiodemografiske og andre språkeksterne

[31] Ikkje alle kriteria var like relevante for deira data. Både geografisk distribusjon og kodeveksling viste seg t.d. å vere ubrukbare i vurderinga av dei saksiske språktrekka.

[32] I motsetnad til Schirmunski meiner Auer m.fl. (1998) at dialektnivellering/dialekttap og dialekttileigning ikkje bør handsamast som like prosessar i denne samanhengen, og viser at dei oppfører seg ulikt med omsyn til t.d. leksikaliserte variablar: "lexicalization may have the opposite effect, i.e. of enhancing dialect accommodation, if dialect *acquisition* is the issue (rather than dialect loss). [...] in contrast to the case of dialect loss (indirect accommodation), lexicalization enhances salience and, as predicted, long-term accommodation" (Auer m.fl. op. cit.:182-3).

forhold er viktigare når ein skal gjere greie for saliensen til eit gitt språktrekk, enn språkinterne forhold. Dei meiner likevel at ei operasjonalisering av termen bør innehalde både språkinterne faktorar, som fonetiske distanse og fonologisk kontrast, og språkeksterne faktorar som kognitive, pragmatiske, interaksjonelle, sosiopsykologiske og sosio-demografiske forhold. Dei definerer saliens som "a property of a linguistic item or feature that makes it in some way perceptually and cognitively prominent" (Kerswill & Williams op. cit.:63).

Dennis Preston har arbeidd mykje med spørsmålet om ulike språktrekks "saliens" og såkalla "folk linguistic awareness" (jf. t.d. Preston 1989, 1993 og 1996). Han er primært interessert i å få greie på kva for delar av språket folk er medvitne om, og kva for trekk det i det heile er *mogleg* å vere medviten om. Han legg vekt på at det er forskjellige *grader* av medvit og at dette kan målast langs dimensjonane: tilgjengelegheit, korrektheit, spesifisitet og herredøme. Ulike språktrekk kan vere meir eller mindre tilgjengelege for metaspråklege kommentarar, desse kommentarane kan vere meir og mindre "riktige" (vitskapleg sett), presisjonsnivået kan vere svært varierande og kontrollen over dei kan variere. Slik Preston påpeiker er det stor forskjell på "knowing that" og "knowing how" (jf. Preston 1996:44f). Det å ha kunnskap om bestemte dialekttrekk inneber altså ikkje nødvendigvis at ein også er i stand til å bruke dei i samsvar med dialektnorma. Preston diskuterer òg forholdet mellom lingvistar sine grensedragingar og folks grensedragingar, og viser at statistisk signifikante skilnader ikkje nødvendigvis er perseptuelt "signifikante" (jf. Preston 1996).

3.3.2 Saliens i denne avhandlinga

Etter denne gjennomgangen av omgrepet skulle det vere temmeleg klart at saliens på ingen måte er ein enkel term å bruke – i alle fall ikkje om ein vil tilleggje omgrepet forklarande kraft. Faren for sirkulære slutningar er i så fall overhengande. Det er dessutan ikkje utan vidare klart at høg saliens med nødvendigheit vil føre til at eit språktrekk lettare blir nivellert. Andre kontekstuelle og sosiale faktorar kan kome inn på tvers. Ein lyt derfor sjå på kvart enkelt språktrekks sosiale plassering og på korleis det blir vurdert innafor det aktuelle språklege fellesskapet (el. praksisfeltet). Denne vurderinga treng vel å merke ikkje vere eins for alle aktørane innafor eit språkleg fellesskap. Ulike sub-grupper kan, som vi vil sjå i analysekapitla, ha høgst ulike vurderingar av såkalla saliente trekk, og vil såleis handsame desse trekka på ulik måte. For nokre grupper kan det vere eit ekstra poeng å ta vare på stigmatiserte eller emblematiske dialekttrekk, medan andre grupper kan ønske å

distansere seg frå desse trekka i frykt for å bli tillagt ein uønska og for dei negativ sosial identitet. Eit trekk treng dessutan ikkje å vere likt vurdert innafor alle lingvistiske eller sosiale kontekstar. Det er ikkje urimeleg å tenkje seg at eit trekk kan framstå som meir salient i visse lingvistiske omgivnader enn i andre. Det er heller ikkje uvanleg at eit trekk kan bli oppfatta som meir salient og mindre brukande innafor visse sosiale kontekstar, i visse funksjonar og innafor visse register enn innafor andre. Eit trekks sosiale plassering og vurdering av det vil altså kunne variere over tid, variere mellom ulike sub-grupper og variere med sosial og lingvistisk kontekst. Eit språktrekk er med andre ord ikkje meir eller mindre salient i seg sjølv, dvs. essensialistisk sett. Det som er avgjerande, er den *merksemda* eit språktrekk får i ulike kontekstar. Saliens er altså kor tydeleg eit stimulus er relativt til konteksten (jf. Kristiansen 1999 etter Fiske & Taylor 1984). Sett på denne måten er ikkje saliens determinerande og kan ikkje brukast predikerande.

For å unngå å bruke saliens på ein sirkulær måte, vil eg ikkje bruke termen som predikerande forklaringsfaktor. Eg har heller ikkje operasjonalisert omgrepet på ein måte som tillet meg å nytte det på ein slik måte, og meiner dessutan at det er bortimot umogleg å definere saliens på ein måte som gjer prediksjon mogleg. Eg kjem likevel til å gjere bruk av omgrepet, ikkje som forklaringsfaktor i streng forstand, men som ein av fleire faktorar som kan vere med på å gi ei djupare *forståing* av kvifor enkelte trekk er meir utsette for nivellering enn andre (jf. t.d. Mæhlum 1999 om forholdet mellom forklaring og forståing).

For å kunne seie noko om saliensen til dei ulike variablane i mi gransking, baserer eg meg utelukkande på såkalla subjektive eller språkeksterne kriterium. Det gjeld for det første om trekk blir kommenterte spesielt av informantane, og for det andre om dei blir representerte i skriftlege presentasjonar av dialekten (sjå kap. 6 pkt. 6.1.16). Eg går ut i frå at språktrekk som blir trekte fram som "typiske dialekttrekk" når informantane blir bedne om å skildre den tradisjonelle dialekten, er meir saliente og kanskje, men ikkje nødvendigvis, mindre resistente enn trekk som ikkje blir nemnde. Eg går også ut i frå at trekk som blir markerte i skrift er meir saliente enn trekk som ikkje blir markerte i skrift. I ein norsk kontekst er dette siste kriteriet likevel ganske problematisk. Det er nemleg ikkje uvanleg å gå vegen om dialekten som pedagogisk verkemiddel når ein skal lære elevane å skrive. Det gjeld særleg opplæringa i nynorsk, der delar av læringsretorikken går ut på at dette skriftspråket ligg tett på talemålet. For å tydeleggjere denne nære slektskapen, blir ofte dialekten brukt som utgangspunkt for vidare læring. Dette vil likevel først og fremst gjelde morfologiske og til dels leksikalske språktrekk, og i mindre grad fonologiske og prosodisk trekk som t.d. palatalisering, tjukk *l* eller trykkplassering. Det betyr at ein lyt

handsame skriftmarkeringskriteriet med varsemd. Det er ikkje umiddelbart sikkert at skriftfesting er eit signal på saliens for alle lingvistiske trekk. Tvert om kan det at eit trekk blir markert i skrift vere eit signal på at dette er eit stabilt og ikkje nødvendigvis særskilt salient trekk (jf. kap. 6, pkt. 6.1.16).

Det er likevel rimeleg å tru at dialekttrekk som blir kommenterte eller markerte i skrift, er trekk språkbrukarane er særleg *medvitne* om. Men som Preston (1996) påpeiker, kan det vere mange ulike grader av medvit det er snakk om (jf. pkt. 3.3.1 ovafor). Det er likevel ofte slik at dialekttrekk som det er høgt medvit kring, fungerer emblematisk for dialekten og dermed står fram som særleg viktige å behalde eller å unngå. Som nemnt kan konsekvensen av at eit trekk er salient, variere frå individ til individ alt etter kva for sosiokulturell orientering den enkelte har. Høgt medvit kan også tyde på at dette er stigmatiserte trekk som gjerne blir brukt i karikering eller stereotype framstillingar av ein gitt dialekt. Det er ikkje urimeleg å vente at språkbrukarane vil ønske å unngå slike negativt vurderte dialekttrekk, særleg i interaksjon med folk med ein annan dialekt-bakgrunn, for på den måten å unngå eit negativt stempel. (Det er vel å merke slett ikkje sikkert at folk frå andre dialektområde faktisk vurderer gitte trekk så negativt som brukarane av ein bestemt dialekt sjølve trur).

Når det gjeld spørsmålet om når ein kode ikkje lenger er den same koden og om bestemte dialekttrekk er særleg viktige i den samanhengen, er det godt mogleg at trekk som språkbrukarane er spesielt medvitne om, dvs. saliente trekk, er særleg "umistelege" element ved den aktuelle dialekten. Men også her kan nok vurderingane variere mykje mellom generasjonane og frå individ til individ. For enkelte eldre språkbrukarar kan t.d. manglande dativbruk vere grunn nok til at dei ikkje lenger vil kalle det ungdomane snakkar for "den same dialekten". For andre kan det vere heilt andre lingvistiske storleikar som står på spel. Truleg er enkelte leksikalske trekk som nektingsadverb og personleg pronomen særleg viktige emblematiske trekk, men også bestemte morfologiske, fonologiske og ikkje minst prosodiske trekk kan kjennest som heilt sentrale. Men det er slett ikkje sikkert at språkbrukarane er i stand til å setje ord på akkurat kva for lingvistiske trekk dette gjeld. Til det er kanskje den metaspråklege kunnskapen ikkje tilstrekkjeleg. Med desse atterhalda er dette likevel spørsmål som blir teke opp med informantane i mi gransking.

Geografisk utbreiing er, som nemnt under punkt 3.2.2, også ein sentral faktor i denne samanhengen. Eg har vel å merke ikkje inkludert dette som kriterium for avgrensinga av saliens slik t.d. Auer m.fl. (1998) gjer, men ser på geografisk distribusjon separat. Ein av hypotesane er at geografisk utbreiing vil ha avgjerande innverknad på resistensen til eit

trekk (jf. kap. 1, pkt. 1.1.3). Her går eg først og fremst ut i frå den "objektive" utbreiinga, og ser mindre på kva for kunnskap informantane har om utbreiinga av dei ulike trekka. I somme høve vil dette likevel også bli diskutert.